


KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

Nr. 2 • 2020

25. årgang

nytt



God Jul!

Ordføreren har ordet

Gode lesarar av Lustranytt. Hausten er komen og vinteren står framom oss. Året 2020 går mot slutten. Eitt år som må seiast å vere noko utanom det vanlege på alle måtar. Covid-19 eller Koronaviruset som me seier til dagleg, har prega kvardagen dette året. Arrangement er avlyst, sosiale møteplassar har strenge restriksjonar, me vert alle oppmoda om å utsette reiser viss det ikkje er naudsynt. 2020 vil nok bli hugsa i mange tiår framover, bli hugsa for alle begrensningane i kvardagen, for alle som vart alvorleg sjuke. Året 2020 vil og minne oss på kor sårbare me er når ein verdsomspennande pandemi bryt ut. Me i Noreg og den vestlege verda er van med at «alt» kan kjøpast for pengar, men me ser no fleire døme på at det ikkje er varer og medisinar å få kjøpt, og då hjelper det lite å ha pengar i neven. Heile det globale handelssystemet stoppa opp, Kina og USA stengde grensene, fly vart sette på bakken og skipa ankra opp. Sjølv om det meste av internasjonal handel no forsiktig er komme i gjenget, har Korona sett fokus på sjølvforsyning, mattryggleik og nasjonale beredskapslager i mykje større grad enn tidlegare. Å ha noko i bakhånd når uhellet er ute har menneska hatt i uminnelege tider, det bør også gjelda no. Me må ta lærdom av historia.

Grunna Covid-19 har også alle konfirmantane våre, både humanistisk og kyrkjeleg hatt konfirmasjon denne hausten. Konfirmasjon skulle ha vore gjennomført i vår, men den vart utsett. Det er ungdomane våre som på mange område merka innstrammingane og smitteverntiltaka mest på «kroppen», sosiale møteplassar er begrensa, skuleturar er utsett eller avlyst, og konfirmasjonar vert gjennomført med ein del restriksjonar. Eg hadde sjølv konfirmant i år og det vart gjennomført med 3 konfirmantar i kyrkja med kvar sine 15 gjester. Sjølv om me var få som fekk vere til stades, var det ein veldig fin seremoni. Eg må gje ros til Trond Johansen som heldt ein veldig fin og personleg tale til konfirmantane. Ekstra imponerende var det at Trond heldt heile fem konfirmasjonar etter kvarandre den laurdagen og nesten like mange på søndagen, alle med like entusiastiske og personlege talar. Det må ha vore ei «kraftanstrenging» både i førebuing og gjennomføring.

Å ta opp konfirmasjon i Lustranytt denne gongen leidar meg inn på eit anna tema som har vakt merksemd og engasjement denne hausten, det er kyrkja vår generelt og nokre av dei mannlege prestane sitt syn på kvinnelege kollegaer spesielt. Kyrkja og presten sin status og rolle i samfunnet har i alle år vore gjenstand for diskusjon og endring. Kyrkja hadde i tidlegare tider rolla som nærmast utøvande makt i bygdene, presten var Kongens sin «forlenga arm» og hadde stor makt over folket. Til dømes dette med konfirmasjon, om ein går nokre få generasjonar attende i tid var det å bli konfirmert det same som å bli vaksen, det var forventat at du skulle ut i arbeid. Går me enno litt lenger bak i

historia, var konfirmasjon knytt til det å bli myndig, fann presten ut at du ikkje kunne bibelsoga godt nok, vart du ikkje konfirmert, då vart du ikkje myndig og fekk ikkje røyste, ikkje gifte deg og det var nærast umogeleg å få arbeid. Lova på den tida var og slik at om du ikkje var konfirmert til du fylte 19 år kunne ein hamne i gapestokk eller tukthus, ein vart altså utstøyt av samfunnet.

Alle er sjølv sagt glade for at me ikkje har det slik lengre. Når ein les slike historiske kjelder kan ein med dagens «auge» lure på om det er sant. Sakte og sikkert har kyrkja endra haldningar og modernisert seg i takt med folk og samfunn på dei fleste område, men ofte med stor motstand frå både biskop og prest. Argumentet var at kyrkja si «makt» over folket er forankra i bibelen, tekstar skrivne for 2000 år sidan kunne altså hindre han «Ola og Kari» i å få arbeid og gifte seg.

Eg har følgd litt med på debatten om prestane i Sogndal og på Hafslo som nektar å delta på liturgiske handlingar med kvinnelege kollegaer, som til dømes nattverd, og deira reservasjon mot vigslen av likekjønna og skilde. Også denne gongen vert Guds ord og tolking av bibeltekstar brukt for å utøve makt over andre. Eg er glad biskopane til slutt kom på bana med ei tydeleg avklaring, er du tilsett i den norske kyrkja kan ein ikkje reservere seg mot å arbeide med kvinner.

Som ordførar skal eg vere varsam med å meine mykje om religion, korkje den eine eller andre vegen. Tru er ei personleg sak, men debatten om kvinnelege prestar, som gjekk i haust, trudde eg verkeleg me var ferdige med, eg må innrømme at slike svært konservative syn i 2020 opprørte meg. Eg ynskjer meg ei open inkluderande folkekyrkje, som er lik for alle, uavhengig av kjønn, legning eller sivil status. Ei kyrkje som er i takt med folket og som kan spegle det samfunnet ho er i, sjølv om ein ikkje går på akkord med dei kristne verdiane.

No går det raskt fram mot jul og julefeiring, og sjølv om året 2020 har vore eit heilt spesielt år på mange måtar vonar eg at me alle kan feire jul med familie og vener som me alltid har gjort. Og at året 2021 vert eit heilt anna år enn det som gjekk.

Då vil eg få ynskje alle lustringar og lesarar av Lustranytt over heile landet ei riktig god jul og alt godt i det nye året.



Ordførar Ivar Kvalen, foto: Andreas Eikseth Nygjerd AENfotografi.

Ivar Kvalen, ordførar

Lustranytt er 25 år i 2020

Det er 25 år sidan fyrste årgangen kom ut, den gongen med 5 mindre utgåver.

Det har også vore ein periode med påskenummer, sommar- og julenummer.

No har me hatt sommar- og julenummer sidan 2013.

Alle tenesteområde bidreg med informasjon til Lustranytt, og Servicetorget samordnar informasjonen før me sender til trykkeri. Målet er å informere om kommunale tenester, presentere verksemdar, aktivitetar som frivillige organiserer og vise mangfaldet her i kommunen.



Posten v/John Havellen og Jermund Fimreite hentar sommarnummeret av Lustranytt som vart sendt til 1800 abonnentar utanfor Luster. Lustranytt blir også sendt til alle husstandar i kommunen.



Frå høgre: Anita Bjørk Ruud, Ingrid Haukadal, Amalie Forthun Grøthe, Gunnlaug Saur og Erling Bjørnetun håpar de blir fornøgd med den nyaste utgåva av Lustranytt. Erling Bjørnetun var redaktør i starten av Lustranytt og syner fyrste årgangen, frå 1995.

Rådmannen har ordet

Kommuneplanarbeidet

Kommuneplanarbeid er pliktig og viktig arbeid. Kvar kommunestyreperiode er føresett å ha eit opplegg for dette og det har me i Luster. Noverande kommunestyre har så langt vedteke plan for planane, planstrategi, og drøfta ulike sider ved planarbeidet.

Kommuneplanen skal vera Luster kommune sitt overordna styringsdokument for samfunnsutviklinga i kommunen. Den skal vere ein reiskap for å rette utviklinga til å møte nye og endra utfordringar i eit langsiktig perspektiv. Gjennom arbeidet med samfunnsdelen skal kommunen drøfte utfordringar og mulegheiter, og komme fram til overordna målsetjingar og strategiar for kommuneorganisasjonen og lokalsamfunnet. Kommuneplanen skal gje rammer for verksemda sine planar og tiltak, og planar for bruk og vern av areal i kommunen.

Samfunnsdel og arealdel

Det vidare planarbeidet vil no få fokus på kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) medan areal-planen(KPA), som er bra oppdatert, vil få meir fokus på slutten av perioden med vedtak tidleg i neste kommunestyreperiode.

Du kan delta i arbeidet

Neste steg no er å få eit planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS). Her vil føremålet for planen bli ytterlegare bestemt, prosessen blir klargjort og det vil kome opplegg for medverknad og deltaking. Det vil bli invitert til opne kontordagar, munnlege og skriftelege innspel og møte, bygdemøte ev og bransje/tema-møte. Deretter handlar det om å ta tak i utfordringane.

Bærekraftsmål

Planarbeidet skal basere seg på status og me må ta tak i både globale, nasjonale og lokale utfordringar. Globalt er det FN sine bærekraftsmål som skal vere med som ein viktig del inn i samfunnsdelen på ein langt tydelegare måte enn tidlegare for å drøfte miljø og klimautfordringane også i eit lokalt perspektiv.

Økonomi og folketalsutvikling

Kommunen vil og bli påverka av dei nasjonale



Rådmann Jarle Skartun.

rammevilkåra for kommunesektoren, både økonomiske og strukturelle. Det vil handle om



FN sine bærekraftsmål består av 17 hovudmål og 169 delmål.

utfordringer i dei økonomiske rammevilkåra for kommunane og strukture reformer.

Samanlikna med andre distriktskommunar har Luster hatt ei rimeleg positiv utvikling siste åra med positiv folketalsutvikling og ein har greidd å halde oppe ein solid kommuneøkonomi med handlingsrom for utvikling. Sjølv om prognosane framover spriker, så har Luster, til distriktskommune å vere, bra utsikter. Å halde oppe folketalet ser ut til å bli ein stor jobb med dei prognosane som no ligg føre. Ei ekstra utfordring her er at kommuneøkonomien og heng saman med ei god utvikling i folketal. I tillegg kjem, me skal gjerne seie heldigvis, inntekter frå vasskrafta. Utan den ville tenester og tilbod, strukturar i kommunen, sett annleis ut. Her meiner me at me også vil ha nokre fortrinn i åra som kjem.

Delar av samfunnsutviklinga kan me påverke, medan andre faktorar er statistisk nesten uråd å endra. I eit kommuneplanperspektiv vil me uvilkårleg få ein eldre befolkning i Luster med konsekvensar for tenester og tilbod. Korleis løyser me denne oppgåva? Når det gjeld skule- og barnehagetilbodet er det truleg ikkje kapasiteten som vert utfordra, men gjerne i enda sterkare grad enn fram til no vert det struktur og kvalitet som bør drøftast. Best mogeleg utvikling i folketal vil og vere relatert til samfunns- og næringsutvikling elles. Korleis vil den omfattande digitaliseringa som no pregar bildet slå ut for nærings- og samfunnsutvikling, korleis vil næringslivet vårt kunne utviklast positivt vidare og kva tiltak gjer

oss attraktive som bukommune? Dette er viktige og sentrale spørsmål til drøfting i planarbeidet, med behov for utgreiingar, innspel og vurderingar.

Satsingsområde

Er det nokre satsingsområde, mål og strategiar som kan gi retning på samfunnsutviklinga som kommunen vil prioritere å jobbe med? Så langt har me i det administrative arbeida peika på nokre stikkord som sentrale som ein kan tenkja på inn i denne prosessen:

- Aktiv heile livet
- Tryggleik
- Distriktsinnovasjon
- Klimasmart

Dette er omgrep å reflektere over og gi innhald, ev korrigere/byte ut/ supplere med andre satsingsområde. Det skal kommuneplanprosessen gi svar på.

Visjonen med kommuneplanen er å leggje fram strategiar og målsetjingar slik at ein gjennom vidare arbeid i kommuneorganisasjonen kan dra utviklinga i retning av desse satsingsområda, og oppnå miljømessig, sosial og økonomisk berekraftig positiv utvikling for Lustrasamfunnet.

Jarle Skartun
Jarle Skartun, rådmann



Ordførar overrekker Kongens fortjenestemedalje til Per Birger Lomheim. Per Birger vart heidra for innsatsen sin i hoppmiljøet i Sogn og Fjordane og for langvarig engasjement i Hafslo idrettslag og Sogn skisenter.

Foto: Bjørn Søltnæs, Sogn Avis.

Kongens fortjenestemedalje

I kommunestyremøtet 22. oktober på Eikum Hotel vart Per Birger Lomheim overraska stort av ordføraren:

«Per Birger Lomheim, du er ei eldsjel av dei sjeldne. I heile ditt liv har du engasjert deg i frivillig arbeid. I eitt utal av frivillige lag og organisasjonar har du teke på deg verv, vore pådrivar og organisert dugnadar, stått på seint og tidleg for å leggja til rette for at born og ungdom skal få gode tilrettelagde fritidsaktivitetar både sommar og vinter. Det vil vere uråd å nemne alle verv og engasjement du Per Birger har hatt i alle desse åra, så eg vil i dag få trekke fram tre område der du har gjort eit stort arbeid for fellesskapen. Det er innsatsen for hoppmiljøet i Sogn og Fjordane, ditt langvarige engasjement i Hafslo idrettslag og at du fekk etablert Sogn Skisenter på Heggmyrane.

Og det er spesielt skisport som hopp og alpint som har lege ditt hjarta nærast, Per Birger. Du var sentral i etableringa av Kvamsbakken på Hafslo, eit hoppanlegg du har teikna og konstruert, bygd, og i stor grad hatt ansvar for, både drift og dugnad i over 45 år, og du har det framleis. Du har og konstruert og teikna fleire hoppanlegg kring om i Sogn og Fjordane, som framleis er i bruk i dag.

Fleire kveldar i veka på vinterstid, arrangerer du Per Birger hoppptrening for born, ungdom og vaksne, sjølv om du no nærmar deg ein alder av 79 år. Du har vore hoppdommar og instruktør i Sogn og Fjordane skikrins sidan 1970 og leiar i hoppputvalet frå 1970 til 1986. I tillegg sat du i styret i skikrinsen frå 1974 til 1988. Det må og nemnast at du framleis er aktiv skihoppar og deltek på renn både i inn- og utland, mellom anna medaljar både i gull og sølv frå veteran VM. Utan innsatsen din, Per Birger, ville truleg hoppporten i Sogn vore vekk.

I Hafslo idrettslag har Per Birger hatt verv samanhengande i over 50 år. Du kom inn i styret fyrste gongen i 1962, 20 år gammal, du var og inne i 1966, men frå 1969 har du samanhengande hatt ulike verv i styret i Hafslo idrettslag og framleis har det. Eg trur eg kom til 55 år med tillitsverv i Hafslo Idrettslag. Du har vore både nestleiar og leiar i fleire periodar. I 1962 var du leiar av langrennsgruppa som hadde ansvaret med å arrangere det fyrste Hafslovatnet rundt. Hafslovatnet rundt var i mange år eit av fylket sine største og mest populære turrenn. På det meste var det heile 850 deltakarar som gjekk den 15 km lange løypa rundt Hafslovatnet. Hafslovatnet rundt er eit skirenn som framleis vert arrangert.

Likevel er ein av dei store «merkjesteinane» etter deg Per Birger, innsatsen for å etablere Sogn Skisenter. Du tok initiativ til starten på det som til slutt vart dette flotte langrenns- og alpinanlegget på Heggmyrane. Du var styreleiar i Sogn Skisenter frå 1980 og gjennom heile planlegginga og bygginga. Skisenteret opna i 1987 som eit av dei flottaste og mest populære skianlegg i Sogn og Fjordane. Du gjekk av som styreleiar i 1990, men er framleis aktiv i og rundt aktivitetar på Sogn Skisenter, både som rennleiar i langrenn og alpint, med dugnadsarbeid som skogrydding og vedlikehald. Du har og i periodar vore med att som styremedlem i skisenteret, og ikkje minst er du framleis ein sterk pådrivar for vidare utbygging og fornying av anlegget.

Det er vanskeleg å sette tal på alle borna og ungdomane som har hatt glede av din langvarige innsats for idretten i alle desse åra Per Birger.

På same måte som det er uråd å rekne saman alle dagar og timar du har brukt av di eiga fritid på frivillig arbeid, gjennom snart 60 år. Ein innsats du alltid har gjennomført med strålende humør, velvilje og ukueleg optimisme. Eg vil og gjerne få nytte høve til å takke familien din Per Birger og då spesielt ho Sigrun kona di. Når du har vore på kryss og tvers i heile landet eller trakka unnarennet i Kvamsbakken, så måtte nokon halde styren på heimebane. Ho Sigrun har ein stor del av alle dei tusenvis av dugnadstimane du har lagt ned, alt eg har sagt her deler du med Sigrun.

Du Per Birger er utan sidestykke eit «JA menneskje», ei eldskjel me her på Hafslo, i Luster kommune og i Sogn og Fjordane har mykje å takka. Det er difor ei stor ære for meg, på vegne av Hans Majestet Kong Harald å få overrekke deg Kongens Fortenestemedalje.»

Val 2021 – 2024

Forliksråd

Kommunestyret vel, fylkesmannen oppnemner:

Faste medlemmar

1. Ole Martin Bakken, leiar, Skjolden
2. Harald Hess, Hafslo
3. Aud Fossøy, Jostedal

Varamedlemmar

1. Svein Arve Ruud, Solvorn
2. Marianne Bugge, Ornes
3. Eirik Hoem, Hafslo

Meddommarar i lagmannsretten

Björg Stegegjerdet, Gaupne
Turid Øiene, Skjolden
Marianne Hauglum, Luster
Claus Rumohr Moe, Hafslo
Ole Martin Bakken, Skjolden
Torbjørn Tuften, Gaupne

Meddommarar i tingretten

Jorunn Ødegård, Gaupne
Oddrun Karin Fossen, Gaupne
Susanne Heen Veum, Gaupne
Eli Hansen Moen, Skjolden
Judith Gausdal, Hafslo
Sissel Olstad Morken, Marifjøra
Asbjørn Røneid, Gaupne
Trygve Lerum, Sørheim
Geir Arne Kvam, Hafslo
Frode Olav Haara, Hafslo
Thorleif Hurthi, Marifjøra
Svein Arve Ruud, Solvorn



Illustrasjonsfoto.

Meddommarar i Jordskifteretten

Eva Røneid, Gaupne
Brita Torlaug Leirdal, Luster
Bente Helene Skildheim Nes, Veitastrond
Anja Iren Hilleren, Veitastrond
Jermund Hagen, Solvorn
Harald Hess, Hafslo
Johannes Hauge, Skjolden
Jarle Ruud, Jostedal

Skjønnsmedlemer

Kommunestyret føresler, fylket i Vestland vel:
Olaug Høyheim, Høyheimsvik
Torunn Gauteplass Hønsi, Gaupne
Ann Kristin Sperle, Høyheimsvik
Hanne Teigen, Gaupne
Bergljot Buskaker, Hafslo
Odd Atle Stegegjerdet, Gaupne
Dagfinn Kjos, Marifjøra
Ole Martin Bakken, Skjolden
Per Ivar Lomheim, Hafslo
Tom Idar Kvam, Hafslo



Flyfoto som syner kva areal som er med i områdeplan Hafslo.

Nytt om planar

Områderegulering av Hafslo sentrum – plan-ID 2020004

Det er no meldt formell oppstart av områderegulering av Hafslo sentrum. Det er eit ønskje om å utvikle Hafslo som ein attraktivt stad for busetnad og lokal næringsutvikling. Dette kan gjerast gjennom planlegging og tilrettelegging. Det må setjast rammer for vidare utvikling i området slik som kvar det skal vera bustader, næring, bilveggar, kollektivtrafikk, gåande og syklande og best mogleg ta vare på landbruksområda. Det er i samband med dette arbeidet utarbeida eit planprogram for planen som plan- og forvaltningsutvalet har vedteke lagt ut til offentleg ettersyn. Luster kommune har over ein periode førebudd arbeid med områderegulering for Hafslo sentrum. Prosessen så langt har vore knytt til avgrensing av planområdet og utarbeiding av planprogram.

Planprogrammet seier noko om prosessen vidare. Planprogrammet gjev ikkje nokon

form for endeleg vedtak av løysingar, eller er avgjerande på andre måtar. Planprogrammet er eit dokument som legg føringar for korleis det vidare planarbeidet skal gjennomførast, men det har i liten grad føringar for løysingane. Når kommunestyret har vedteke planprogrammet, så er det eit oppdragsdokument frå kommunestyret til administrasjonen for vidare arbeid med områdeplanen.

På flybiletet er planområdet som det er meldt oppstart for teikna inn. Den endelege planen kan verte mindre enn dette. Det går fram av planprogrammet kva for vurderingar som er gjort i samband med planavgrensinga. Planavgrensinga er i grove trekk frå og med Prestegarden i vest til grense bustadområdet Botn i aust, nordover til og med Gamlestova barnehage og Bestebakken.

Som ein del av prosjektet har Luster kommune leigd inn ekstern kompetanse for å sjå på moglege løysingar av bruken av «Billagstomta», samt å gjennomføre ei stadanalyse for Hafslo sentrum.

Når dette arbeidet er gjennomført, vil kommunen finne ein måte å presentere dette arbeidet på. Dersom koronasituasjonen tilseier at me kan ha eit ope møte, så vil dette bli i siste halvdel av november eller tidleg i desember. Let dette seg ikkje gjere, må me finne ein annan måte å presentere arbeidet på. Dette vert annonsert når ein ser kva som kan gjennomførast og når me har ein dato.

Det er viktig at Luster kommune får kjennskap til alle opplysningar som kan vera viktige for planarbeidet så tidleg i planprosessen som råd er. 25 juni 2020 hadde Luster kommune ein open kontordag på Hafslø, der me fekk inn ein del tankar og innspel til planen. Desse vert sjølvstgt teke med vidare i planarbeidet. Kommunen kjem også i tida framover til å gjere ein jobb opp mot elevane ved barne- og ungdomsskolen på Hafslø, for å få synspunkt på korleis dei opplever situasjonen i Hafslø sentrum, både generelt og for deira skulekvardag.

I oktober vart det annonsert oppstart av planprogrammet og alle grunneigarane innanfor planområdet fekk brev om dette. Fristen for å sende inn merknader til planprogrammet og innspel som gjeld oppstart av områderegulering for Hafslø sentrum er torsdag 3. desember 2020.

Reguleringsplan for Solvorn kyrkje – plan-ID 2016001

Formålet med planen er å få universell tilkomst til kyrkja og å få betra parkeringskapasiteten i Solvorn om sommaren. Planframlegg viser ny parkeringsplass på sørsida av kyrkja har vore ute til offentleg ettersyn denne sommaren men vedtak av planen vart noko forsinka grunna varsla motsegn frå NVE gruna ras- og flaumfare i området som ikkje var etter deira meining godt nok dokumentert. Endringar er gjort i kartet og planen kan vedtakast hausten 2020.

Reguleringsplan for Galden nord – plan-ID 2017004

Formålet med omreguleringa er å få ein ny, digital plan for området som får med seg alle vedtak som er gjort tidlegare. Planen har vore ute til nytt offentleg ettersyn og vart vedteke av kommunestyret 22. oktober. Vedtaket vil verte kunngjort og få ein klagefrist.

Reguleringsplan for Bruflat bustadfelt og Øyagata – plan-ID 2020006 og 2020007

Formålet med planarbeidet for Bruflat å få fleire bustadtomter i Gaupne på treningsfeltet og på området til det gamle industribygget. Øyagata regulert på nytt for å bl.a. få forttau langs heile

gata fram til nytt bustadområde i Grindane. Alt er i samsvar med gjeldande kommuneplan. Oppstart av planarbeidet har vore varsla og fristen for å komme med innspel er ute. Når planframlegg føreligg vil desse verta handsama av plan- og forvaltningsutvalet som vedtek offentleg utlegging.

Reguleringsplan for parkeringsplass ved Tungestølen – plan-ID 2020008

Luster kommune ser eit behov for å betre parkeringsstrukturen omkring Tungestølen turisthytte og område som innfallsport til Jostedalsbreen nasjonalpark. Då det tidvis er eit mykje brukt området, trengs ei regulert parkeringsløyseing, både med tanke på grunneigarane sine interesser, besøkjande og naturen. Planarbeidet har til hensikt å kanalisere trafikken i området og gjere det tydlegare kor det skal parkerast. Det skal leggjast til rette for ca. 50-75 bilar, med moglegheit for utviding av parkeringsarealet ved behov. I tillegg skal det leggjast til rette for parkering og snuplass for bussar, samt plassering av løysingar som er konfliktdepande med utøving av landbruksdrift (sommarbeite) i området. Grunneigarane har kome med eit samstemt forslag til løyseing i planområdet, og kommunen legg dette til grunn for vidare arbeid.

Oppstart av planarbeidet har vore varsla og fristen for å komme med innspel er ute. Når planframlegg føreligg vil desse verta handsama av plan- og forvaltningsutvalet som vedtek offentleg utlegging.

Kommunedelplan for Kulturminne 2020 – 2031

Planen vart vedteken av kommunestyret i møte 22.10.20 sak K-49/2020. Vedteken plan er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider.

Private reguleringsplanar

Nye private planar som er under arbeid er plan for bustadbygging i «Jordbærhagen» i Gaupne. Planen gjeld gbnr. 85/31, området ligg nord for Bukti, planen er i samsvar med gjeldande kommuneplan og den har plan-id 2020009. Fristen for å komme med innspel til planarbeidet er ute.

Gjeld alle reguleringsplanar og andre planar der kommunen ynskjer medverknad

Informasjon om alle vedtekne planar og planar under arbeid der det er ynskje om og høve til medverknad frå innbyggjarane finn du på kommunen si heime under **Planar**. Går du vidare til **Planar under arbeid** finn du ei oversikt over alle planane i tabellform.

Kommunalteknisk arbeid frå i haust



«Utebassenga» ved Gaupne omsorgsenter har i fleire år stått turre på grunn av driftsutfordringar. Områda er no planert. På sida mot Øyagata er det sådd plen, og på den andre sida er det hellelag. Ved eldresenterert er noko grøntområde fjerna, mot bygget, og asfaltert. Det er og opparbeid nokre fleire parkeringsplassar i same området.



Som trafikktryggingstiltak har fleire fotgjengarovergangar i Gaupne fått forsterka veglys. Det gjeld på gangveg frå Sandvik til rådhusvegen, ved Sandvikcamping og kryssing av rådhusvegen, kryss Rådhusvegen / Sandvikvegen og kryssing av Jostedalsvegen ved gamlebrua på Røneid. Det er og oppsett veglys på turvegen til Marifjøra, frå kryss Jostedalsvegen til kryss Fv 55 / Røneidsvegen og fram til eksisterande veglys på Røneid.

Anleggsutvikling:

På Lomheim er kommunal veg inkl. murar forsterka, og vegar i bustadfeltet Kvitevollen er asfaltert.

Avlevering av arkivmateriale til Fylkesarkivet i Vestland



F.v. Marit Kvalen, Kari Bjørnetun, Unni Sture Venjum, og Anette Holme.

I år har arkivtenesta i Luster kommune avlevert arkivmateriale til Fylkesarkivet i Vestland. Kommunen har avtale om depotordning med fylkesarkivet, noko som inneber at dei tek i mot kommunen sine arkiv som lovverket krev skal oppbevarast. Før fylkesarkivet hentar arkivboksane, må me rydda materialet for mellom anna plast og binders, listeføra og gjera alt klart etter fylkesarkivet sine instruksar. Dette for å sikra at me i etterkant lett kan finna att mappene me leitar etter og at materialet ikkje blir skada under lagring.

I juni leverte me noko av pasientarkivet til Luster legekantor (1998-2001), klientarkivet til Luster PPT vaksenopplæring (1980-2015) og elevarkiv for spesialpedagogikk (1988-2015). Totalt vart det levert 74 arkivboksar.

Me jobbar no med ei ny avlevering av papirarkiv, og har gjort klare nærare 120 arkivboksar som skal bli henta i november. Dette er klientmapper frå ulike omsorgssenter, heimetenesta, ergoterapi, Luster legekantor og Luster helse- og sosialetat.

I 2018 hadde me også ei større avlevering av personregisterarkiv til fylkesarkivet, totalt 204 arkivboksar. Det var då sosialarkiv frå perioden 1969-2009, barnevernsarkiv (1984-2008) og PPT-arkiv (1969-2009) som vart avlevert.

Felles for dei avleverte arkiva i 2018 og i år er at dei inneheld rettighetsdokumentasjon



Anette Holme – lastar arkivboksar i bil – 1. juni 2020.

til innbyggjarane, som kommunen er pliktige å ta vare på.

Arkiva frå dei tidlegare kommunane Luster, Jostedal og Hafslo (perioden 1937-1963) og Formannskapskontoret (perioden 1964-1978) er alt levert fylkesarkivet. Fylkesarkivet jobbar med å katalogisera og tilgjengeleggjera oversyn over dei avleverte arkiva på nettsida www.arkivportalen.no.

Slikt oversyn viser ikkje sjølve dokumenta, og den tek omsyn til kva som er teiepliktig materiale.



Amalie Forthun Grøthe limer på etikettar.



Det er etablert teststasjon ved Helseneteret i Gaupne. Per 04.11.20 er det teke 1051 testar i Luster. Du kan bestille Koronatest via heimesida til kommunen eller ringe 906 72 675. (Kl. 8–15)

Koronapandemien og Luster kommune

Pandemi kjem frå ordet pandemos som betyr «går på alle». Det har til alle tider gått pandemiar. Spanskesjuka i 1918 tok, etter det som er opplyst, 40 millionar liv, mest sannsynleg ein influensa. I 1957 og 1968 hadde vi alvorlege influensa pandemiar. Pandemien vi har no er årsaka av viruset Sars-Cov-2 og det gjev sjukdommen Covid-19 som kan gje alvorleg lungebetennelse. Sjukdommen er svært smittsam.

Sjukdommen blei først påvist 19.12.19 i Wuhan i Kina – starta i ein dyremarknad.

Viruset blei identifisert 07.01.20, første dødsfall 11.01.

13.01.20 første tilfelle utanfor Kina.

02.02.20 hadde ein klart dei fyrste testane.

11.03.20 erklærte WHO ei verdsomspennande pandemi.

Pr. 01.11.20 reknar ein med at 40 millionar er smitta og at det er 1 million døde. Det er stor forskjell på dødelegheit, det er særleg dei eldste og dei med kompliserande sjukdommar som kjem dårleg ut.

Noreg har valt ein strategi for å slå ned virussjukdommen. I første bølge i mars vart store deler av tenestene i landet stengt ned. Grunnen var at det var det mest effektive for å hindre smittespreiing – altså å bryte smitte-brua mellom menneskje. Dette var svært effektivt frå ein smittetåstad og landet vårt ligg blant dei fremste i verda på førekomst av sjukdommen og låge dødstal. Det blei raskt laga ei eiga koronaforskrift som saman med smittevernlova er lovheimelen til alle tiltaka.

Viktigaste strategi for helsetenesta er kalla TISK; teste, isolere, smitteoppspore og karantene.

Den største trussel for helsetenesta er at om alt for mange blir sjuke på same tid, vil sjukehusa bli oppfylte og kapasiteten på intensivavdelingane sprengde.

For innbyggjarane gjeld dette; gå ikkje på skule/barnehage/jobb når du har ein akutt luftvegsinfeksjon. Bli heime og meld deg på til testing. Unngå klemming og handhelsing. Vis god hoste-/nyse-hygiene. Ver nøye med å vaske

hendene/handdesinfeksjon. Hald minst 1 m avstand til andre.

Vi er no inne i andre bølge av sjukdommen og det er store forskjellar mellom kommunane i landet. Store byar har mange sjuke. Smittevernreglane vil endre seg både lokalt og nasjonalt.

Bruk heimekontor når det er mogleg, bruk gjerne munnbind på offentlig transport om 1 m avstand ikkje er mogleg. Det same gjeld på butikkar/resturantar/barar i byane.

Dette gjer Luster kommune:

Vi føl nøye med på utvikling av pandemien. I starten av pandemien var det mykje som var uklart og usikkert, dette gjorde at vi i fyrste veke stengte ned kontakt utanfor gamle Sogn og Fjordane fylke. Etter kvart kom gode nasjonale tilrådingar og lovkrav. Vi gjev mykje rådgjeving kvar dag.

Det er etablert eigen teststasjon utanfor legekantoret. Vi testar alle som har behov. Vi har eigen Koronatelefon med e-postadresse. Vi føl opp dei med sjukdom for å kunne setje i verk tiltak raskt om nødvendig. For å skåne helsetenesta for barn og unge har vi unngått å stenge ned helsestasjon og skulehelsetenesta. Vi leiger i staden inn flinke pensjonistar til teststasjonen.

Vi har planar for tiltak om vi får mange sjuke. Vi har eit godt lager med smittevernstutstyr og plan for jamlege tilførsler. Det er teke i bruk eit moderne smittesporingsprogram.

I Luster har vi per 04.11.20 registrert 8 med påvist sjukdom. Det har berre vore registrert 1 smitte internt i kommunen, alle andre er smitta andre stadar. Ingen er registrert med alvorleg sjukdom. Det er teke 1051 testar, 0,4% er positive.

Personar som har vore i kontakt med påvist sjuke blir sett i karantene- så langt gjeld det 12 personar. Det er ikkje registrert lokale utbrot.

Vår oppfatning er at lustringane er lojale mot dei krav og reglar som gjeld. Det er lett å forstå at ein viss slitasje vil skje i befolkninga, men no med ei kritisk bølge nummer 2, som rammar heile verda og vårt land, er det svært viktig at vi held ut. Vi må sjå på dette som ein felles dugnad for å ta vare på dei mest utsette i vårt samfunn. MEN isolasjon er FARLEG. Vi må alle bidra til å finne løysningar slik at alle kan få ha trygg kontakt med andre menneskje. Difor stengjer vi ikkje ned heile samfunnet. Ring gjerne ein ven og slå av ein prat, inviter gjerne inntil 5 personar heim osv.

Knut Cotta Schønberg
Kommuneoverlege

TV-aksjonen 2020

I år var den fysiske bøssebæringa bytt ut med digital bøsseaksjon. Årets TV-aksjon skal bekjempe plast i havet gjennom å etablere og forbetre eksisterande avfallssystem for meir enn 900 000 menneske. TV-aksjonsmidlane er øyremerka tiltak i Indonesia, Vietnam, Filippinene og Thailand.

Resultat pr. 2. november syner at i Luster kommune kom det inn kr 296 898,- til TV-aksjonen. Dette gjev 53. plass på landsbasis og 12. plass i fylket. Bidrag pr. innbyggjar i kommunen låg på kr 57,38 og er 14,66 kroner over landssnittet på 42,72 kroner. Det er mogleg å støtte tv-aksjonen ut desember.



Personar som har fått vaksine og som ventar dei obligatorisk 20 minuttane.

Influensavaksinerings i Luster hausten 2020



Johannes Stuppelshaug vert vaksinert av helsesjukepleiar Jorunn Ødegård.



Kai Idar Morken og Knut C. Schønberg.



Øygun Kjos, Knut C. Schønberg og Janne Fristad Hop tek i mot og registrerer dei som kjem.

No har vi gjennomført tre dagar med vaksinerings. Vi har vore på Hafslo, i Gaupne og i Luster. Vi har god erfaring med vaksinerings ute i ulike bygder frå tidlegare, men i år måtte også dette gjerast noko annleis. Vi har tidlegare hatt kjekke dagar på omsorgssentra/sjukeheimane i kommunen vår, men situasjonen vi no er i gjorde at vi i år måtte tenke nytt. Etter synfaring vart det bestemt vaksinerings i gymsalen i Samfunnshuset på Hafslo, i idrettshallen i Gaupne og i gymsalen på Luster Oppvekst-senter. Tusen takk for velvilje og tilrettelegging på dei ulike stadane!

Sjølve gjennomføringa av vaksinasjonsdagane måtte også bli litt annleis i år. Med auka fokus på smitteverntiltak vart det blant anna utdelt munnbind og handdesinfeksjon til alle. Slik skulle det vere trygt å kome til vaksinerings.

Lustringar tek koronasituasjonen på alvor. Mange, og fleire enn tidlegare år, har valt å vaksinere seg denne hausten. Etter tre vaksinasjonsdagar har vi sett 760 influensavaksiner. Omsorgssentra og sjukeheimane har vaksinert sine tilsette sjølve og har gjort ein god jobb med dette. Seinare i haust vil personar med institusjonsplass få tilbod om influensavaksine spesielt tilpassa til dei. Den kjem truleg til Luster i desember.

Luster og Hafslo Røde Kors, samt Gaupne Helselag har tidlegare stilt med kaffi med noko attåt desse vaksinasjonsdagane. Det var fleire som kom til vaksinerings som sakna akkurat dette. Gledeleg er det likevel at både Røde kors og Helselag bidreg med frivillige slik at dagar som dette går lettare. Takk for god hjelp!



Lena Flekke Bergesen.

Nye fastlegar ved Luster legekantor

Lena Flekke Bergesen 28 år starta som fastlege i fast stilling frå 1. september 2020.

Andreas Dyrkjær 38 år startar i februar 2021 som fastlege i full stilling. Han er i dag kommuneoverlege og fastlege i Lurøy i Nordland.

Annika Dyrkjær 33 år vil jobbe som fastlegevikar frå februar og fram til hausten 2021. Ho arbeider som lege på Sandnessjøen sjukehus i dag. Familien flytter til Gaupne med 3 barn.

Nytt tilbod i Luster kommune – Helsesamtale for seniorar

Luster kommune ønskjer å leggje til rette for at alle seniorar i kommunen kan ha ein god alderdom, der helse, tryggleik og trivsel er godt ivareteke. Det handlar bl.a. om å kunne bu heime så lengje ein ønskjer, fremje helse og trivsel, samt førebyggje skader og ulukker.

Sjukepleiar Laila Haugsvær starta i haust med tilbod om Helsesamtale for seniorar. Saman med ergo- og fysioterapitenesta i kommunen arbeider ho no med å utvikle tilbodet, med mål om kanskje på sikt å kunne etablere tilbod om ein helsestasjon for seniorar. Det vil sei eit lågterskeltilbod for alle over 65 år der ein kan få rettleiing om kvardagsliv og helse, litt på same måte som den meir kjende helsestasjon for born og unge.

Helsesamtalen kan føregå heime hos den enkelte eller på Friskhuset i Gaupne, der Laila har kontor. Innhaldet i samtalen vil variere alt etter kva som er viktig for deg som oppsøker tilbodet. Aktuelle tema kan vere praktisk tilrettelegging av bustad, korleis hindre fallulukker og brann, eiga helse, nettverk, transport, sosiale behov m.m. Ergoterapeut og fysioterapeut er også tilgjengeleg for samtale dersom det er særlege problemstillingar ein ønskjer å drøfte.

Fagpersonen si rolle er å rettleie, støtte og vere til hjelp i prosessane. Me kan bidra med gode råd og nyttige opplysningar om kva som fins av ulike tilbod,



Sjukepleiar Laila Haugsvær.

kvar ein kan vende seg med aktuelle behov og formidle kontakt vidare til rette instans. Me utfører ikkje oppgåver som skal ivaretakast av fastlege eller heimetenesta, men tilbodet skal vere eit supplement til dei øvrige helse- og omsorgstenestene.

Tilbodet er gratis. Du sjølv eller dine pårørande kan ta direkte kontakt med Laila for å avtale ein samtale. Ho har kontortid på tysdagar og onsdagar og er å treffe på tlf. 948 27 126.

Andre faginstansar kan også tilvise til tilbodet. Det kan særleg vere aktuelt dersom det har skjedd endringar for deg, enten med deg sjølv eller i omgivnadene dine.

For å få meir erfaring vil me i vinter også tilby samtale til 78-åringar i kommunen som bur heime og ikkje har omsorgstenester. Det er sjølvsgt frivillig om du ønskjer å ta i mot tilbodet.

Me ønskjer Laila lukke til og trur dette vil vere eit nyttig tilbod for mange ☺

Tilskot frå kommunen

Har du eller andre i husstanden din nedsett funksjonsevne, og har behov for å bygge om bustaden? Då kan du søkje om finansiering til små eller store ombyggingar og tilpassingar. Finansiering kan bestå av startlån/og eller tilskot.

Tilskot til tilpassing:

Husstandar, enkeltpersonar og eldre med nedsett funksjonsevne som har behov for å tilpasse bustaden sin for å kunne bli buande i bustaden over tid, kan søkje tilskot.

Tilskotet kan omfatte enkle tiltak til større ombyggingar. For eksempel:

- Utvendig terrengarbeid der det er behov for tilgjengelegheit
 - Påbygging/ombygging for å få alle nødvendige rom på eit plan
 - Utvide dørøpningar/rom/gang og bytte dørar, inkludert brannndør
 - Fjerne tersklar og terskelplater
 - Installere eller tilrettelegge for velferdsteknologi
 - Anna arbeid som er nødvendig for at personar med nedsett funksjonsevne kan fortsetta å bu heime
- Du kan søkje kun tilskot eller tilskot saman med startlån. Søknad skal sendast elektronisk til kommunen.

Tilskot til utredning og prosjektering:

Du kan og søkje om tilskot til profesjonell porsjekteringshjelp utført av for eksempel arkitekt i forkant av ein eventuell ombygging. Tilskotet kan dekke kostnader til fagleg hjelp til prosjektering,



det vil sei honorar til arkitekt eller annan fagkyndig.

Prosjekteringa skal:

- Gje forslag til tiltak som skal auke tilgjenge i bustaden
- Finne gode løysingar til nøkterne kostnader

Prosjekteringa skal kartlegge:

- Moglegheiter og avgrensingar i bustaden
- Uteområde og tilkomst
- Tilgjenge inne
- Arealbehov
- Innreiing og fungerande tilstand

Kommunen må vurdere om du har økonomi til å finansiere tilpassinga sjølv, eller om det er behov for lån og/eller tilskot frå kommunen.

Det er opp til kommunen å vurdere kven som skal få og kor mykje tilskot ein kan få. Familiar med funksjonshemma barn skal vera høgt prioritert ved tildeling av tilskot.

Råd og rettleiing om tilskot til tilpassing av bustad får du på Servicetorget. Ergoterapeuten kan hjelpe til med gode løysingar og vere bindeledd mellom søkjar og sakshandsamar.

Nytt om TT-kort til menneske med nedsett funksjonsevne 2021

Kommunen har fått melding om at det kjem ei ny forskrift for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne. Midlane til transportordninga kjem frå fylkeskommunen og den 01.01.2020 vart Hordaland og Sogn og Fjordane slegen saman til Vestland fylke. Dei to fylka har hatt forskjellige regelverk for TT-ordninga. Vestland fylkeskommune jobbar no med å samordne regelverket, slik at ein får eit nytt regelverk frå 01.01.21. Det er fyrst i fylkestinget i desember at dei nye reglane for TT-korta blir vedteke. Det er mykje som tydar på at det heretter er fylkeskommunen og ikkje kommunen som skal handsame søknadane

og godkjenne brukarane. Kommunen har fått informasjon om at alle som er registrert i TT ordninga i dag vil få eit nytt magnetkort i løpet av desember månad. Beløpet på kortet vil i fyrste omgang vere eit felles grunnbeløp. Tillegg grunna avstand til kommunesenteret vil komme seinare. Ein treng ikkje å søke om tilleggsløyvingar.

Men, alle som har behov for TT-kort i 2022 må i løpet av 2021 søkje om ny godkjenning. Informasjon om nye forskrifter og søknadsskjema kjem så snart alt er vedteke i fylkestinget.



Dale skulemusikk har utekonsert ved Luster omsorgssenter.

Gaupne helselag

Nasjonalforeningen for folkehelsen er ein frivillig humanitær organisasjon som har som mål å bekjempe hjarte- og karsjukdommar og demens. Det vert gjort med forskning, informasjon, førebyggjande tiltak og helsepolitisk arbeid.

Gaupne helselag vart skipa i 1924, og er ein 96-åring med mange faste aktivitetar gjennom året. 2020 har vore eit spesielt år for alle, slik og for oss. Helselaget var i innspurten med loddosal til den årlege basaren då landet stengde ned. Loddbøkene vart avslutta med vippssal, og me fekk trekt basarbøkene. Me takkar for god støtte. Pengar me samlar inn går til tiltak i lokalsamfunnet, og me støttar også viktig forskning på kreft, hjarte og demens.

Gågjengen

Helselaget har eit lågterskeltilbod for alle aldersgrupper. Gågjengen er eit tilbod i periodane 1. mars-1. juni og 1. september-1. desember. Det er klyppepost i Judassvingen og i tillegg er det bøker å skrive namnet sitt i ved brua oppe i Engjadalsvegen og på Aspamo. Møter ein opp ved Tandlekrysset på måndagar kl. 18 kan ein gå saman med turvenene. Elles kan ein gå når det passar seg. Det blir trekt premiar i juni og desember, i tillegg er det deltakarpremie for juniorane t.o.m. 7. klasse. Som koronatiltak, og for å spare miljøet for plast, så kan ein i staden for å klyppe, krysse av for kvar tur. Me er glade for at mange er med på dette!



På markering av Verdensdagen for psykisk helse 10. oktober stilte leiaren i helselaget, Asborg Leirdal Kjærvik på stand med sukkerquiz.

Konsertar ved omsorgssentra i kommunen

Alle lokallaga fekk i år tilbakeført midlar som ikkje var brukte frå NRK sin TV-aksjonen til innsamling for demens i 2013. Med lite aktivitet og restriksjonar på besøk ynskte Helselaget å gje ei oppleving til beburarar ved omsorgssentera. Helselaget avtala med Dale skulemusikk og Gaupne skule og ungdomskorps om utekonsertar i haust, og alle omsorgssentera fekk besøk. Det var god oppslutnad på alle stadane.

Mange av dei faste aktivitetane våre har me ikkje kunna gjennomføre i vår og i sommar. Dette gjeld: basaren vår, skule og barnehagelunsj, temakveld, hjelp ved balansetrimmen, hjelp ved radiobingo, hjarteveka og FriMoro. Hoppetaukonkuransen «Hopp for hjertet» for 4.-7. kl kunne heller ikkje gjennomførast på vanleg vis i vår. Helselaget har ved skulestart gitt hoppetau til barneskulane i Luster. I staden for tidlegare kaffiservering ved influensavaksinerings i Gaupne, er helselaget i år spurd om å hjelpa til som vegvisarar inne i idrettshallen ved årets vaksinerings.

Velkomen som medlem

Nasjonalforeningen Gaupne helselag har 140 medlemmar, og ønskjer nye medlemar velkomne. Av medlemskontigenten går 45 % til helselaget lokalt. Helselaget er stolte over at Luster kommune den 7. februar i år skreiv under avtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen om å bli ein demensvennleg kommune. Det er mange måtar å engasjere seg på. Kanskje du kan stilla opp som aktivitetsvenn for ein person med demens? Helselaget har mange aktivitetar og det er fint med mange frivillige hjelparar.

De finn oss på facebook: Nasjonalforeningen for folkehelsen, Gaupne Helselag og Friskus Luster.

God helse – heile livet!



Gaupne skule og ungdomskorps reiste til Hafslo og spelte for beburarane på Hafslo omsorgssenter.



Gaupne helselag organiserer turtilbod i Gaupne, du kan gå aleine eller saman med andre.

Serviceskysssen 2021

	Dagar ruta går	Til sentrum	Frå sentrum
Sørsida - Fortun - Skjolden - Gaupne (Kroken - Skjolden - Gaupne)	2. og 4. torsdag i månaden	11:30	16:00
Lustrabygda rundt	1. og 3. tysdag i månaden	13:30	14:50
Gaupne rundt	2. og 4. måndag i månaden	12:30	16:00
Jostedal rundt	4. tysdag i månaden	10:30	11:30
Jostedal - Gaupne	05.01., 09.03., 11.05., 06.07., 07.09., 09.11. og 07.12.	10:30	14:00
Indre Hafslo m/Mollandsmarki (Gaupne - Indre Hafslo)	2. og 4. onsdag i månaden	12:30	16:00
Hafslo - Bakkingavegen - Solvi	2. og 4. fredag i månaden	09:30	11:30
Solvorn - Hafslo	2. og 4. fredag i månaden	09:30	11:30
Veitastrand - Hafslo - Gaupne	4. tysdag i månaden	10:00	13:30



Alle som skal vere med serviceskyssordninga må tinge på førehand. Tinging skjer på telefon 57 68 16 20 innan kl. 18 dagen før. Eigenandel for passasjerar er kr 30,- pr tur.

Fagfornyninga – LK-20: Nytt læreplanverk for skulen

Kunnskapsløftet 2020 (LK-20), det nye læreplanverket for grunnskule og vidaregåande opplæring, vart gjort gjeldande frå 1. august i haust. Dette er den største endringa i norsk skule sidan innføringa av førre plan, Kunnskapsløftet, i 2006. Sentrale mål i LK-20 er å leggja til rette for aktive elevar som medverkar i eiga læring, for djupnelæring og for meir variert og relevant undervisning.

Det nye læreplanverket har ein overordna del der verdiar og prinsipp for grunnopplæringa er beskrive i tillegg til læreplanar i dei einskilde faga. Arbeidet med dei nye læreplanane byggjer på stortingsmelding nr 28 (2015-16): Fag – Fordypning – Forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet. Verdigrunnlaget i opplæringa, som til dømes respekt for menneske og natur, verdsetjing av mangfald og likeverd, skal koma tydelegare fram i faga. Ein annan ambisjon er at læreplanverket skal vera framtidsretta og at det elevane lærer skal vera relevant. For å få ein betre overgang frå barnehage til skule og for å kunna leggja betre til rette for dei yngste barna i skulen, vert det meir utforskning og læring gjennom lek.

Revisjonen av Kunnskapsløftet vart grunngeve med at læreplanane inneheldt for mykje stoff og at det vart for mykje overflatelæring. Det var også trong for å gjera endringar for at læreplanane i større grad endringar som følgje av nye utfordringar, ny kunnskap og ny teknologi. Dei nye læreplanane skal gje elevane eit betre grunnlag for å reflektera, vera kritiske, skapande, utforskande og kreative, uttala tidlegare kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner. Ein annan intensjon med endringa er at innhaldet i læreplanverket skal hengja godt saman og at det skal verta betre samanheng i og mellom faga.

Grunnleggjande ferdigheiter

I overordna del er dei fem grunnleggjande ferdigheitene beskrive: lesing, skrivning, rekning, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter. Desse grunnleggjande ferdigheitene vart innført med Kunnskapsløftet i 2006 og vert vidareført i Fagfornyninga; Kunnskapsløftet 2020. Enkelte fag vil ha eit større ansvar enn andre. Norskfaget har eit særleg ansvar for opplæringa i å kunne lesa,

å kunna skriva og for utviklinga av munnlege ferdigheiter, matematikk har eit særleg ansvar for opplæringa i å kunna rekna og samfunnsfag har eit særleg ansvar for at elevane utviklar digitalt medborgarskap. Generelt er det også slik at lærarar i alle fag skal støtta elevane i arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter.

Tre tverrfaglege tema

Det som derimot er heilt nytt med Kunnskapsløftet 2020 er dei tre tverrfaglege temaa: demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling, folkehelse og livsmeistring. Desse temaa har til sams at dei er aktuelle samfunnsutfordringar som krev engasjement og innsats frå enkeltmenneske og fellesskapet i lokalsamfunnet, nasjonalt og globalt. Elevane skal forstå korleis me gjennom kunnskap og samarbeid kan finna løysingar på utfordringar og problemstillingar knytt til desse temaa, og elevane skal lære om samanhengar mellom handlingar og konsekvensar.

Djupnelæring

Ved å «slanka» læreplanane i form av tydelegare prioritering av lærestoff og færre kompetansemål, er meininga at elevane skal få meir tid til djupnelæring. Djupnelæring vil seia å gradvis utvikla kunnskap og varig forståing av omgrep, metodar og samanhengar i fag og mellom fagområde. Det inneber at me reflekterer over eiga læring og brukar det me har lært på ulike måtar i kjende og ukjende situasjonar, åleine eller saman med andre.

Den aktive eleven

Fleire av faga i skulen vert meir utforskande og praktiske gjennom Fagfornyninga. Elevsynet i læreplanverket er tydeleg prega av den aktive eleven; eleven som medverkar i eiga læring og som får uttrykkja skaparglede, engasjement og utforskartrong. Generelt er «utforska» eit av dei mest nytta verba i kompetansemål i fag. Verba i kompetansemål seier noko om kva som vert forventa at elevane gjer, kva type aktivitet som skal føregå. Døme på andre vanlege verb er: samtala om – samanlikna – beskriva, fortelja og argumentera – laga – presentera.

Å lære å lære er også eit uttalt mål som pregar elevsynet i det nye læreplanverket. Skulen skal bidra til at elevane reflekterer over si eiga læring, forstår sine eigne læringsprosessar og tileignar seg



Kunnskapsløftet 2020 - peikar inn i framtida.

Foto: Adobe Stock.

kunnskap på sjølvstendig vis. Dette krev mellom anna at lærarane følgjer elevane si utvikling tett og gjev dei støtte tilpassa deira alder, mogning og funksjonsnivå.

Framtidsretta læreplan

Forutan læringsstrategiar vert også teknologi, kreativitet, innovasjon- og entreprenørskapskompetanse vektlagt i det nye planverket. Programmering som tidlegare berre har vore eit valfag på ungdomssteget, vert no ein del av læreplanen i fleire fag; mellom anna i matematikk, naturfag, musikk og kunst og handverk. Føremålet er å gjera elevane betre budde til det samfunnet dei skal fungera i når dei vert vaksne samfunnsborgarar.

Eit anna satsingsområde i Fagfornyninga er at elevane skal utvikla kritisk tenking, mellom anna for å kunna skilja mellom ulike saker, ulike synspunkt, framstillingar og val. Kjeldekritikk er ein sentral del av kritisk tenking. Evna til kritisk tenking er viktig å øva på medan elevane er i skulen, men er naturlegvis viktig å ha tileigna

seg når elevane seinare skal ta del i demokrati, samfunnsdebatt og arbeidsliv.

Lærarkollegiet saman om LK-20

Dei tilsette på skulen vert i læreplanverket omtala som eit profesjonsfagleg fellesskap. Lærarar, leiarar og andre tilsette skal reflektera over felles verdiar, vurdere og vidareutvikla praksis. For å lukkast med innføringa av Fagfornyninga er det viktig at profesjonsfellesskapet er prega av aktiv deltaking, delingskultur, endringsvilje og kontinuerleg praksisutvikling. Opplæringa i skulen er eit lagarbeid der skulen, i samarbeid og forståing med heimen, skal gje elevane ei opplæring som opnar dører mot verda og framtida og gjev elevane historisk og kulturell innsikt og forankring. Og som det vidare står i formålsparagrafen i opplæringslova: Skulen skal møta elevane med tillit, respekt og krav og gje dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Elevane skal utvikla kunnskap, dugleik og haldningar for å kunna meistra liva sine og for å kunna delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.

1. Kva synest du er det mest positive med Fagfornyinga og LK-20?

2. Kva slags endringar trur du elevar og lærarar vil oppleve etter nokre år med LK-20?



Eli Merete Hansen Moen,
rektor Luster oppvekstsenter.

1. Eg likar godt fokuset på livsmeistring, djupnelæring og berekraftig utvikling, samt større moglegheit til å jobba tverrfagleg.

2. Eg håpar dei lettare ser «heile biletet» og får ei oppleving av at alt heng saman med alt. Eg trur elevane vil få større meistringskjensle av å jobba tverrfagleg og djupare inn i kvart emne.



Ellen Havellen,
rektor Skjolden oppvekstsenter.

1. Det mest positive er at skulen har fokus på å utdanna elevane for framtida. Vi skal jobbe meir tverrfagleg i alle fag. Dei tverrfaglege tema er grunnleggande for framtida. Ny elevrolle og lærarrolle og med meir elevaktivitet. Elevane skal vere utforskande, og dei skal reflektere.

2. Eg trur me vil sjå høgare elevaktivitet og meir reflekterte elevar etter nokre år med Fagfornyinga.



Grete Marie Skårhaug Solvi,
rektor Solvorn oppvekstsenter.

1. Det mest positive er at dei praktisk-estetiske faga er vorte meir sentrale att, slik som i læreplanen frå 1997, L-97. Desse faga er viktige for å kunna «bygga» det heile mennesket. Me kan ikkje tilrettelegga skule og samfunn til kun å ivareta dei teoretiske ferdigheitene. Samfunnet treng flinke fagarbeidarar i ulike fagfelt. Tverrfaglege tema som folkehelse og livsmeistring, berekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap er spennande område skulen skal jobba med.

2. Eg håpar og trur at elevane vil oppleve ein betre samanheng mellom fag, kunnskap og ferdigheiter, og at dei tverrfaglege temaa er med og bidreg til det; at elevane er meir skapande og medverkande i eiga opplæring.

Endringar for lærarane trur eg vil vera at ein har fått ein læreplan der ein føler seg trygg på at ein må gi elevane tid til å læra; at det grunnleggande er på plass før ein går vidare. Djupnelæring er eit viktig fokusområde i fagfornyinga, og det håpar eg bidreg til meir

tilpassa opplæring utifrå både interesse og ferdigheiter hjå elevane.



Hilde Holte Selland,
rektor Hafslo barne- og ungdomsskule og Veitastrand skule.

1. Fagfornyinga set fokus på elevane si læring og utvikling. Som rektor er det utruleg flott å få vere med å innføre ein ny læreplan i grunnskulen. LK-20 skildrar grunnsynet opplæringa skal ha for den pedagogiske utviklinga, og den utviklinga skal ein finne att hjå elevane si læring og utvikling.

2. Eg trur elevar og lærarar med fagfornyinga vil oppleve å bruke andre arbeidsmetodar som er meir praktisk retta og aktiviserande der ein samarbeider for å løyse utfordringar og i lag jobbar seg fram til resultat. Undervisninga vil vere meir tverrfagleg og temabasert der elevane kan få utfalde skaparglede, engasjement og få meir heilskapleg opplæring.



Knut Åge Teigen,
kommunalsjef oppvekst.

1. Eg synest det er viktig og riktig at det nye læreplanverket

har høge ambisjonar for ei ny elev- og lærarrolle; aktive elevar som får meir relevant, meir variert og meir praktisk opplæring.

Sentrale tematiske område som berekraftig utvikling, livsmeistring, demokrati og medborgarskap skal verta meir synleg i opplæringa, og det synest eg er spennande. Det vil framleis vera slik at elevane skal få grundig øving i lesing, skriving, rekning og munnlege ferdigheiter. Dette er ein grunnmur som må byggjast heile vegen gjennom grunn-skuleløpet.

2. Vonleg vil elevane oppleve ei undervisning som dei tykkjer er meningsfull og motiverande.

Opplæringslova seier at elevane skal få utfalda skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Det vonar eg vil prega undervisninga. Når det gjeld lærarane så vonar eg dei ser og tek i bruk frirommet i læreplanverket. Læreryrket er på mange måtar eit kreativt yrke. Eg har stor tru på at det i lustraskulen vil verta gjennomført mange fagleg solide og spenstige undervisningsopplegg i åra som kjem.



Linda Øvregard Røhme,
rektor Gaupne skule.

1. Eg tykkjer at det mest positive med Fagfornyinga er at den legg vekt på at elevane skal lære ved å vere aktive og utforskande. Det trur eg vil auke både motivasjon og lyst til å lære hjå dei.

2. Etter nokre år med Fagfornyinga trur eg at lærarar vil oppleve at elevane deira

ved å jobbe med djupnelæring har utvikla kunnskap og varig forståing, at elevane er flinkare til å sjå samanhengar og er i betre stand til å bruke denne kompetansen i nye og ukjente situasjonar.



Mette Frydenberg Reinertsen,
rektor Jostedal oppvekstsenter.

1. Ho tek på alvor at det som skjer på skulen skal henge i hop med det som skjer i verda utanfor - legg opp til aktive elevar, relevans og praktiske arbeidsmåtar i alle fag.

2. At timane er meir prega av utforskning og elevmedverknad.



Mona Kristin Bukve, konst. rektor, Luster ungdomsskule.

1. Eg trur dei tverrfaglege temaa fangar opp sentrale emne som er utruleg aktuelle i den framtida som elevane skal inn i. Alle må tenkje berekraftig i eit inkluderande samfunn, samt at fokus på livsmeistring og folkehelse har vel aldri vore viktigare enn no. Ved at dei tverrfaglege emna skal inn i alle fag, så vil det og «tvinge» fram meir fleirfagleg samarbeid.

2. Ved å arbeide meir tverrfagleg, med endå meir variasjon i undervisningsmetodar og meir fysisk aktiv læring, vert det kanskje meir samanheng mellom faga, På denne måten trur eg elevane vil oppleve større utbytte og kjenne på auka motivasjon. Eg håpar at skulen og kan ta med føresette i arbeidet med å fremje livsmeistring og folkehelse. Dersom me skal oppleve meir robuste barn/ungdomar, så er me avhengige av at me «snakkar same språk» heime og i skulen.

Når det gjeld lærarane så trur eg at den største endringa blir at dei må jobbe meir og meir i fellesskap, i team og på tvers av team. Eg håpar at dei kjem til å bruke mindre tid på å setje karakterar og meir tid på undervegsvurderinga - vegen vidare. Og at djubdelæring vert gjennomført i praksis.



Vegar Volle,
rektor Indre Hafslo oppvekstsenter.

1. At den overordna delen legg konkrete føringar for dei ulike fagområda. Eg har ei forventning om at dette skal medføre at faga i endå sterkare grad blir knytte opp mot reelle livssituasjonar.

2. Eg trur det vil merkast at meir av skulearbeidet blir tverrfagleg, og at det stadig vil kome nye typar materiell i undervisninga. Eg har tru på at dette vil utvikle skulen på ein positiv måte, slik at elevane og tilsette held fram med å oppleve skulen som ein interessant og utviklande arena, i takt med tida.



Resirkulering,
gjenbruk og
kreativitet.

Tema berekraftig utvikling ved Solvorn oppvekstsenter

I perioden veke 40-45 har berekraftig utvikling vore vårt tema. Både skule, barnehage og SFO har hatt dette på planen sin. Elevane har vorte kjende med omgrepet; kva berekraftig utvikling er for noko, kva som er meint med det og om korleis me bevisst kan nytta ressursane me har rundt oss.

Barnehagen har sett på forandringar i naturen no om hausten og samla blad til dekorasjonar og pynt, samt lært songar og regler. I strondi har dei funne steinar dei har laga steintroll av og som skal stillast ut på haustfesten.

I 1.-4. har dei hatt fokus på sporlaus ferdsel i

naturen samtidig som dei har samla naturmateriale for å laga produkt til haustfesten vår. Konglene er vorte til fine konglekransar. Elevane har vore på besøk til nokon i klassen og plukka eple der dei også fekk læra om ulike eplesortar. Epla er vorte til eplemos og eplemuffinsar. Elevane har gjennom dette lært kor viktig det er å nytta det me har og som er lett tilgjengeleg og gratis.

SFO har mellom anna samla kongler til konglekuler som dei skal stilla ut på festen. Haustfesten er produktet til denne perioden, og overskotet av det som vert selt skal gå til Barnehjelp Afrika.

menneke får eit godt og rettferdig og rimeleg grunnlag for eit ordentleg liv.

Økonomi dimensjonen handlar om å sikre økonomisk trygghet for menneske. I dag er det eit enormt og aukande gap mellom fattige og rike.

Ved Solvorn oppvekstsenter har vi elevane jobba med berekraftig utvikling ei stund no. Blant anna har vi i 5.-7. trinn samla inn brukte lysstumpar for å støype om lys i gamle koppar. I tillegg har vi laga resirkulert papir. Det gjorde vi ved å blande brukt papir, papp og vatn i ein boks, deretter vente omtrent ei veke på at papiret og pappen skulle løyse seg opp i vatnet. Når blandinga var klar, lagde vi nytt papir med gamle bilderammer som former. 1.-4. trinn og barnehagen har og hatt om berekraftig utvikling, og om å bruke det du finn i skogen og naturen. 1.-4. trinn har blant anna sett på trea som vi som går i 7. klasse i år planta når vi gjekk i barnehagen i 2014.

Berekraftig utvikling

Av Sunniva Skjeldestad, 7. trinn

Berekraftig utvikling handlar om å dekkje notidas behov utan å øydeleggje framtidige generasjonars moglegheitar.

Berekraftig utvikling er viktig for jordas stabilitet og velferd.

Berekraftig utvikling kan delast i tre delar. Miljø og klima, sosiale forhold og økonomi. Dette blir ofte kalla "dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling."

I haust kom det nye læreplanar for skulen, der berekraftig utvikling er eit av dei tverrfaglege temaa.

Miljø og klima dimensjonen handlar om å ta vare på naturen og klimaet. Korleis vi bruker naturens ressursar har mykje og sei om framtida til jordkloden og menneska.

Sosiale forhold dimensjonen handlar om at alle


NAUDROPET

Framtida er i unge hender,
ansvaret er vårt.
Alle folk må hjelpe til,
me treng det jo så sårt.
Korleis skal det gå med alle,
viss ingen hjelper til?
De kan då ikkje meine,
at det er dette de vil?

Året det er 2020,
framtida synes daud.
Verda blir ein søppelplass,
jorda er i naud!
Lite kan me utrette,
me har for lite makt.
Dette kan gå riktig ille!
Me har lite me skulle ha sagt.
Året det er 2040,
framtida synes å ende her.
Endringane skjer for fort,
for kloden me har kjær.
Alt håp synes ute,
for vår vesle jord.
Snart blir jorda aude,
utan eit menneskespor.

Året det er 2060,
tru det eller ei!
Livet vårt det ebbar ut,
jordkloden går lei.
Vaksne høyr vårt naudrop,
jordkloden kan dø!
Vil de verkeleg dette,
då må de vere sprø!

Året det er 2080,
kva er det de har gjort?
No er jorda øydelagt,
de bryr dykk ikkje stort!
De tenkte vel som så
at de ikkje skulle leve,
når jorda vår vart utsletta,
no kjem de til å streve!



Sunniva Skjeldestad.

Året det er 3020,
tusen år har gått.
Jorda ligg der tom og aude,
men det kom jo ikkje brått!
Tidlegare generasjonar,
dei burde skamme seg.
No har dei verkeleg øydelagt
vår fine leveveg.

Året er det ingen som tel,
for det finns ingen her som kan.
Jorda er fullstendig tom,
men me hadde jo ein plan!
Me skulle redde kloden,
den skulle jo bli frisk.
Men det vart visst ikkje slik,
det enda opp til sist.

Av Sunniva Skjeldestad.
Vinnar av Framtida Junior og seksjon for bibliotekutvikling i
Vestland fylkeskommune sin skrivekonkurranse om miljø.

Frå jord til bord – arbeid med berekraftig utvikling i Skjolden

Under idèmyldring om kva Skjolden oppvekstsenter kunne gjera innanfor det overordna temaet berekraft, var alle samde om at dyrking av jord og sjølvberging var noko me ville jobba vidare med.

Oppvekstsenteret jobbar også med eit prosjekt i Den naturlege skulesekken der målet er at elevane skal lære om berekraftig utvikling. Temaet vårt er plasten som ingen ser. Hovudfokus er på mikropplast og korleis me kan få ned overdriven bruk av plast.

Sjølvbergingsprosjektet starta opp ved skulestart der me var på studietur til Kroken Fukt og bær der Anne Lise pressa rabarbrasaft og tappa på flasker, og me fekk følgja prosessen frå frukt til saft. På Lerum-musèet fortalde Hallvard om korleis dei laga saft og syltetøy i gamle dagar.

Me ville koble plastprosjektet til arbeidet i Den naturlege skulesekken, og elevane fekk i oppdrag å gå på den lokale butikken for å sjå etter kor mange frukt og krydder som kjem frå Norge og kor mykje av utvalet som kom frå andre land. Var det brukt mykje plastemballasje?

Foreldra vart informerte på klasseforeldremøta i august. Det førte til at me vart inviterte på plukking av poteter, bringebær, jordskokk, surkirsebær, eple og nyper. Krydderurter fekk vi òg.

Elevane leita heime i kokebøker og på internett for å finna fakta om og oppskrifter med råvarene me hadde. Målet var eit torg der me skulle selja produkta våre, og inntekta skulle gå til TV-aksjonen.

For å minke bruken av plast, valte me å leggje krydderurter, saft og syltetøy i glas og glasflasker. Etterpå var det design av etikettar som stod for tur. Korleis bør ein etikett sjå ut?

Då torget nærma seg var det utruleg flotte lukter av baking, sylting, safting og tørking av urter som spreidde seg over heile oppvekstsenteret.



Barnehagen hadde potet som si grønsak og her er dei i full sving med potetplukking.

Sjølve torget var utanfor skulen og berre for foreldre og søsken pga. koronasituasjonen. Elevane stod i bodane, arrangerte konkurransar og utfordringar. Foreldre og søsken kosa seg med handel, kaffi & bakst og torgpraten gjekk. Då kvelden var over kunne me senda 6250 kr til årets TV-aksjon.

Vi håpar sjølvbergingsprosjektet vårt kan bli ein årleg tradisjon, for det er viktig å veta korleis råvarene frå jorda blir til mat på bordet!

Etikettar vart teikna, tilpassa flasker og glas og til slutt sett fast med kontaktpapir.



Stolte ungar selde produkta sine til foreldre og søsken.



Elevane i 7. klasse ved Hafslo barne- og ungdomsskule er sporty og gjennomførte symjetime ute i september.

Utesymjing og livredning i Hafslovatnet

Ein grå dag med stiv kuling i september, var det kurs for 14 tilsette ved Hafslo barne- og ungdomsskule, ein tilsett frå Solvorn oppvekstsenter og ein frå Veitastrand skule. Takka vere kursleiar Ragnhild Myhre frå Sogndal kommune, er no desse skulane godt rusta til å ta i bruk ny læreplan i kroppssøving. Her finn ein mellom anna desse kompetansemåla:

- Utføre grunnleggjande teknikkar i symjing på magen, på ryggen og under vatn
- Vurdere sikkerheit i uteaktivitet og naturferdsel og gjennomføre sjølvberging i vatn

Hafslo barne- og ungdomsskule har kjøpt inn eit sett med våtdrakter til elevar og lærarar. På den måten kan Hafslovatnet bli tatt i bruk som læringsarena enda fleire månader i året. Skulen har også kanoar som er i flittig bruk både i skuletida og SFO.



Elin Anette Hillestad og Elisabeth Fimreite trassar det kalde vatnet og gjennomfører livredningskurs i Hafslovatnet.



Kroppssøvlingslærarane Helge Martinsen og Johannes Lund er no sertifiserte for å ta med elevar på symjing eller kanotur. Helge har også spisskompetanse i elvepadling og bergingsarbeid.



Ivar Garpestad er pedagog og miljørettleiar ved Hafslo barne- og ungdomsskule. Her er han saman med elevar i 4. klasse. Ivar er ein viktig ressurs i gjennomføringa av fysisk aktivitet og symjeundervisning saman med Runar Hatlevoll og Katrin Læg Reid Nes.



Heile skulen framfor Harastølen i august.

Temaveker om Harastølen

Luster oppvekstsenter starta skuleåret 2020 med temaet «Harastølen gjennom tidene» i tråd med ny læreplan om tverrfaglege tema, berekraftig utvikling og lokal forankring, og ikkje minst i spenning rundt framtida til det store bygget. Harastølen har betydd mykje for Luster kommune generelt og for bygda Luster spesielt, i over 100 år. Gjennom seks veker jobba elevane seg gjennom tuberkuloseid, mentalsjukehus, asylmottak og hotellplanar.

Bygget har lege der som eit Soria Moria slott sidan opninga i 1902. Så nær som alle elevane i Luster har nokon i familien som har jobba der i kortare eller lengre tid, elevane har brukt det som tur- og skiområde, og der er framleis spor i bygda etter aktiviteten der oppe. Arbeidsmåtar og tilnærming vart sjølvstendig forskjellig utifrå klassetrinn, men opplevingane og kunnskapen om Harastølen i fortid og framtid er lik for alle, både elevar og lærarar.

Me byrja perioden med turdag til Harastølen før me fekk besøk av Øystein Høyheim, ein av investorane og entusiastane til Harastølen hotell.



Lærar Dagfinn fortel om bygningen til 1.-4.trinn.

Dette resulterte i både modellbygging av hotellrom og rolleleik om hotell, med resepsjon, kjøken og restaurant med tilhøyrande personale. Og kven veit: Kanskje nokre av elevane jobbar der oppe om 10 år, når bygget står fram i all si fordoms prakt?

Harastølen var eit roleg stølsområde som plutsleg skulle huse pasientar med den lumske sjukdomen tuberkulose, som har enkelte parallellar til dagens Covid-19. Elevane fekk læra om kuringa, det å puste inn frisk luft ute mellom furuskogen, om operasjonar, forhistoriske



Christina Bringeboen, Solveig Madsen, Brynjar Holen og Oliver Heggstad på veg opp til Harastølen i august.

sprøyter og klipping av ribbein, men også om eit levande samfunn med kor, revygrupper, tennisbaner, turstiar og mykje sosial aktivitet blant pasientane. Alle elevane stemte i Vi skal ikkje sova bort sumarnatta, songen som vart skriven på Harastølen av Aslaug Låstad Lygre medan ho var pasient der. Dei eldste elevane skreiv biografier om ho. Etiske problemstillingar om behandlingsformer, isolasjon av pasientar, samt organisering av sjukehus i gymsalen, med journal, legevisitt, diagnosar og behandlingsformer, var noko av det elevane jobba med.

Frå slutten på 1950-talet, då medisin mot tuberkulose hadde gjort sjukehuset overflødig, vart Harastølen ein mentalsjukeheim. Å vera mentalt sjuk kan vera vanskeleg å forklare for ungar, men her fekk me god hjelp av Arne Bondevik som jobba på Harastølen i den tida. Han fortalte fint om pasientar som blant anna hadde opplevd vonde ting gjennom krigen, og trengte ro rundt seg. Og ro og omsorg fekk pasientane frå 1959 og fram til 1989. Lærar Monica Sognnes var dotter av kjøkensjefen og budde på Harastølen i nesten heile oppveksten sin. Ho fortalde om trygge, rolege og fine dagar med mykje leik og moro blant både pasientar og tilsette. I 1989 var siste pasienten flytta heim og bygget sto atter tomt.

Så kom Bosniakrigen og huset vart



Modellbygg av Harastølen, elevarbeid.



Modellbygg interior av Harastølen, elevarbeid.



Elevane fekk oppleve nokre av turstiane rundt Harastølen.



Øystein Høyheim var «gjesteforeleser» om Harastølen på skulen.



Modellen av Harastølen var særst spennande å sjå nærare på for elevane, og helst ville dei leika med den.

flyktningmottak. Elevane prøvde å forestilla seg korleis det kunne vera å komma dit for dei som hadde mista alt i krigen. Kva ville dei ta med? Kva ville dei sakna sjølv? Alma Pidic Fåberg kom til skulen og fortalte om eigne opplevingar på Harastølen. Ho opplevde det som trygt og godt, ho fekk vera saman med familien sin og unngjekk bomber og herjingar i heimlandet. At ikkje alle opplevde det på same måten, vart også snakka om i klasseromma.

Gjennom temavekene var me på to ekskursjonar til Harastølen, me "fann att" det gamle kaihuset i Bringebakkane, me såg kokshuset som framleis

står der, bilete av taubana, modellen av 1930-talet sitt Harastølen som no står i Prestegarden i Luster, og me gjorde oss kjende med alle husa rundt hovudbygget; overlegebustaden, reservelegebustaden, Stuppelshaughuset, søsterheimen, systova med fleire. Elevane diskuterte dei nye planane for Harastølen utfrå eit berekraftig perspektiv. Dei såg på samanhengar mellom økonomi, miljø og det sosiale, sjølv om det er vanskeleg å konkludere. Elevane i Luster kjem til å fylgje spent med på utviklinga framover med mykje ny kunnskap i ryggsekken.

Programmering på mellomsteget ved Gaupne skule

7. klasse ved Gaupne skule har i haust starta med programmering. Nokre lærarar var i fjor haust til Bergen på kurs ved vitensenteret VilVite i Bergen. Dette var ein del av prosjektet som er kalla «super:bit». Dette er eit samarbeid mellom NRK, vitensentra rundt om i Noreg og organisasjonen «Lær kidsa koding».

«super:bit» skal inspirere elevane til å få kunnskap og forståing for teknologi, algoritmisk tankegang og programmering. Etter gjennomført kurs skulle ein få tilsendt programmeringsutstyr. Dette var noko alle 6.klassingar i Noreg kunne søkje på og ta del i.

Programmeringsutstyret skulle så kome til skulane og elevane skulle få eit kurs i opplæring av utstyret frå VilVite i Bergen. Grunna korona kunne ein ikkje gjennomføre kurset i vår. Utstyret blei då sendt til skulen i haust, og vi starta opp på eiga hand. Programmering er kome sterkare inn i fleire fag i det nye læreplanverket, så det å få dette utstyret no i haust passa veldig godt.

Utstyret vi fekk tilsendt er eit klasesett med micro:bit. micro:bit er ei lita programmerbar «datamaskin» som ein kan kople ulike typar sensorar, lys og anna utstyr til. Ein fekk også nokre robotar som ein kan programmere ved hjelp av micro:bit til å køyre rundt med.

Elevane har vore veldig ivrige på å lære programmering, og vi skal utover hausten/vinteren utvide kunnskapen og forståinga i programmering meir. For meir informasjon om prosjektet (<https://www.vitensenter.no/superbit/>).

Støtte til programmeringsutstyr frå Utdanningsdirektoratet

Det er ikkje berre vitensentra som har vore spandable når det gjeld programmeringsutstyr til skulane. Oppvekst søkte Utdanningsdirektoratet om støtte til å kjøpa inn programmeringsutstyr til barneskulane i Luster og fekk innvilga eit tilskot på kr 108 000,-. Det er kjøpt inn utstyr som høver både for dei yngste og dei eldste elevane på barnesteget. Det er både programmerbare lego-robotar, tilleggssutstyr til micro:bit, app-styrte robotballar som elevane kan dirigera ved koding og små bie-robotar for dei aller yngste. Desse kan kombinerast med ulike typar matter for kopling med matematikk eller andre fag. Her ligg det an til



Elevane programmerer micro:bit via datamaskina.



Eit utval av programmeringsutstyret som er kjøpt inn til Hafslo barne- og ungdomsskule.

mykje spennande læring frametter.

Tidlegare har begge ungdomsskulane i kommunen delteke i det treårige pilotprosjektet med programmering som valfag i skulen. I det nye læreplanverket er programmering vidareført som valfag. Gjennom dei nye læreplanane er programmering sterkare inne både på barnesteget og ungdomssteget.

Skaparglede, utforskartrøng og satsing på teknologi

Luster ungdomsskule, Hafslo barne- og ungdomsskule og Gaupne skule er i gang med eit spennande eittårig samarbeidsprosjekt med Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa der utforskartrøng, kreativitet og teknologi er sentrale tema. Prosjektet er også kopla saman med deltakinga i eit nytt Erasmus+-prosjekt kalla STEAMing.

Gjennom samarbeidet med Naturfagsenteret får skulane fagleg rettleiing når det gjeld konkrete undervisningsopplegg og metodikken Skaparskulen som mellom anna tek mål av seg til å visa korleis teknologi og programmering kan brukast kreativt og tverrfagleg. Dette prosjektet vert samkøyrd med det påbyrja europeiske prosjektet STEAMing der dei tre lustraskulane samarbeider med skular i Irland, Portugal, Kroatia og Hellas. STEAMing er eit treårig prosjekt støtta økonomisk av det europeiske utdanningsprogrammet Erasmus+. Luster kommune har også fått økonomisk støtte til å delta på to europeiske lærarkurs og til hospitering ved skular i Irland frå Direktoratet for internasjonalsisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (DIKU). STEAMing-prosjektet varar frå 2019-2022.

STEAM

STEAM står for Science, Technology, Engineering, Arts og Mathematics, altså naturvitskap, teknologi, ingeniørkunst, estetiske fag og matematikk på norsk. Det er ein metode for å integrere desse forskjellige fag i kvarandre. STEAM er også interessant fordi skulen har som oppdrag å utdanne barn og unge til jobbar som kanskje enno ikkje finst, og då er det lurt å gje dei verktøy til å sjå moglegheiter, samanhengar og løysingar på tvers av område som i dag ikkje alltid naturleg høyrer saman i skulen. Metoden byggjer også opp under djupnelæring og tverrfaglegheit i



Rektor Linda Røhme og lærar Tomas Kjørhaug i det kreative hjørnet på fagdag om Skaparskulen. Kurshaldar Liv Oddrun Voll frå Naturfagsenteret i bakgrunnen.

den nye læreplanen, Kunnskapsløftet 2020, som vart gjort gjeldande frå og med i haust.

Eit undervisningsopplegg som nyttar STEAM-metodikk skal leggje til rette for undring, utforsking, problemløysing og prosessorientert læring. Vidare skal STEM-disiplinane og dei estetiske faga henge nøye saman, verte forstått og brukt i og gjennom kvarandre. Elevane skal jobbe med problem frå den verkelege verda. Det er ikkje ein fasit; elevane skal utforske, finne løysingar sjølve, og evaluere løysingane sine etterkvart. Dei skal rett og slett bryne seg på oppgåver der det ikkje går an å «google» seg til løysinga.

STEAM ved Luster ungdomsskule

På Luster ungdomsskule er lærarane i gang med å prøve ut undervisning tufta på STEAM. Det kan vere mindre oppgåver, som å teikne og modellere, eller større prosjekt som opnar for at elevane får vere kreative og utforske sjølve, til dømes å bygge og programmere robotar. På neste side er fleire eksempel på prosjekt der elevane må bruke kunnskapar og ferdigheiter frå forskjellige fag.



Minihytta - eit prosjekt på 10. trinn som kombinerer matematikk, arkitektur og naturfag (miljø).



Teknologi i klede - eit prosjekt på 8. trinn som utforskar teknologien i kleda våre, og korleis for eksempel knappar og glidelåsar kan gi nye designløysingar, samt bidra til gjenbruk.

Ny rektor ved Luster ungdomsskule

Knut Hauge er tilsett som ny rektor ved Luster ungdomsskule frå og med 1. februar 2021. Hauge kjem frå stillinga som inspektør ved Kvåle skule i Sogndal. Fram til Hauge tek til i stillinga vil inspektør Mona Kristin Bukve fungera som konstituert rektor ved LUS.

«Hauge kjenner lustraskulen godt som tidlegare rektor ved Indre Hafslo oppvekstsenter. Det er også positivt at Hauge har med seg tre års røynsle frå ein større skule med ungdomssteg. Hauge har også gjennomført den såkalla rektorskulen, 30 studiepoeng skuleleiarutdanning, og er kurshaldar for prosjektet «KLAPP – opplæring av lærarar om positiv psykisk helse». Me ønskjer Knut Hauge velkomen attende til lustraskulen og til Luster ungdomsskule,» uttalar kommunalsjef oppvekst Knut Åge Teigen om tilsetjinga.

Om den nye stillinga si, seier Hauge sjølv: «Eg ser fram til å byrje som rektor ved Luster ungdomsskule. Eg har blitt meir og meir trygg på at eg ynskjer å jobbe med skuleleiing. Som rektor ved Luster ungdomsskule får eg verkeleg moglegheita til å bruke det eg kan og ikkje



minst utvikle meg endå meir som leiar. Eg gleder meg mykje til å bli betre kjent med elevane og dei tilsette. Dette vert moro!»



Elevar frå Luster ungdomsskule får naturrettleiing i breforlandet til Nigardsbreen.

Naturrettleiing frå Breheimsenteret

Visste du at 1/5 av Luster kommune er dekket av isbrear? Desse store, dynamiske massane av snø og is er arkitekt bak landskapet rundt oss, og er gode indikatorar på korleis klimaet endrar seg. Dette er noko av det Breheimsenteret ønskjer å formidle til besøkande!

På Breheimsenteret kan du både sjå rett inn på Jostedalsbreen og oppleve ei fin utstilling med mykje informasjon, interaktive installasjonar, stemningsfulle modellar, dyr som lever i nasjonalparken, for så å gå rett ut i brelandskapet og finne spor etter breen. Dette er eit godt utgangspunkt for verdifulle opplevingar for born og vaksne, som kan auke forståinga av naturen kring oss. Breforlandet til Nigardsbreen er eit eineståande område for å formidle korleis brear har vore med å forme landskapet. Her kan ein sjå skuringsstriper på berget, lausmasser som ligg i meterhøge haugar og vegetasjon som langsomt har etablert seg etter at isen trekte seg tilbake.

Breheimsenteret i Jostedal er eit besøkssenter for nasjonalparkane Breheimen og Jostedalsbreen. Det finst 15 besøkssenter i Noreg, som har i oppdrag å formidle informasjon om nasjonalparkar og verneområde og stimulere til bruk av naturen og nasjonalparkane, og til friluftsliv for øvrig. I over 20 år har Breheimsenteret teke imot besøkande som vil oppleve nasjonalparkane, og då kanskje særleg brevandring på Nigardsbreen. I 2019 fekk Breheimsenteret utvida staben sin med ein naturrettleiar i ei 4-årig prosjektstilling, finansiert av Miljødirektoratet, Luster kommune og Breheimsenteret. Målet er å verte meir robust fagleg, skape meir fagleg aktivitet og utvide den aktive sesongen. Naturrettleiing skal gje gode opplevingar og kunnskap om naturen, som fører til innsikt, respekt, engasjement og omsorg for natur- og kulturmiljøet.

I 2020 har vi jobba mykje med informasjon til besøkande, både gjennom nettside, brosjyrar og skilting. Vi har også utvikla og testa fleire undervisningsopplegg for grunnskule som har blitt

godt tatt imot, og som vi har lyst til å gjere med fleire skuleklassar/grupper!

Saman med Luster ungdomsskule har vi i fleire år gjennomført eit heildagsopplegg. Elevane har vore med på vandring i breforlandet til Nigardsbreen, som med sitt eineståande landskap fortel eit stykke klimahistorie. Her har vi studert vegetasjon og lausmasser. Dei får og ei innføring i lichenometri, ein metode som har vore viktig for kartleggjinga av brear si utbreiing. Kombinert med eit besøk i utvalde delar i utstillinga gjev denne opplevinga eit godt grunnlag for å forstå nok av korleis landskapet rundt oss er blitt til. Andre tema som skular på besøk har vore innom er «Berekraftvasskraft og villrein», «Dyr i nasjonalparken», «Rovdyr og forvaltning» med meir.

Nytt av året er å reise ut til skulane på besøk, for å kunne nå fleire elevar. Vi har prøvd ut to opplegg i år i grunnskulen. For 5.-7. klasse har vi laga eit 2-3 timars opplegg ute som handlar om snø, is og vatn, faseovergangar og partikkelmodellen. Konkrete eksempel og



Skulebesøk hos Luster oppvekstsenter, utforsking av korleis breen formar landskap.



Elevar ved Jostedal oppvekstsenter undersøker eigenskapar hos vatn, snø og is.

praktiske øvingar ute engasjerer elevane og skaper mykje aktivitet.

Landskapet rundt oss var tema for besøk hos Luster oppvekstsenter, der 1.-7. trinn vart delt i grupper og fekk prøve ut korleis skuring og rennande vatn endrar underlaget. Her møtte vi veldig engasjerte elevar som hadde stor interesse for temaet og spurte mange gode spørsmål.

Til alle opplegg har vi forslag til forarbeid og etterarbeid for å auke læringsutbyttet, og vi er veldig glade for å få innspel eller spørsmål om samarbeid både med skuler og barnehagar. Håpar vi ser dykk på Breheimsenteret neste år, eller at vi kjem på besøk!



Førebygging av mobbing og aktivitetsplikt for barnehagane

- revidert barnehagelov frå januar 2021

I juni 2020 vedtok Stortinget endringar i barnehagelova som skal sikre at alle barn har det trygt og godt i barnehagane. Dei nye reglane om barn sin rett til eit trygt og godt omsorg- og læringsmiljø vil gjelda frå 1. januar 2021.

Førebygging av mobbing og nulltoleranse har vore eit sentralt tema innan barnehage- og skulesektoren dei seinare åra. I august 2017 vart det gjort endringar i opplæringslova som i større grad skulle sikra elevane rett til godt skulemiljø, det såkalla kapittel 9A i opplæringslova. Der har elevane ein individuell rett til eit godt skulemiljø, og skulane har ein aktivitetsplikt. Viss ein elev eller føresette til ein elev har prøvd å ta opp dårleg skulemiljø med skulen, men skulen ikkje reagerer, kan eleven eller føresette klage direkte til Fylkesmannen.

Etter kvart har det vorte meir fokus på at mobbing og utestenging også skjer i barnehagen, og regjeringa går ut frå at mellom åtte og tolv prosent av barnehagebarna opplever mobbing i form av gjenteken utestenging frå lek.

Aktivitetsplikt

Med den reviderte barnehagelova som vert gjort gjeldande frå januar 2020, vert det no innført strengare og tydelegare reglar som skal sikra at alle barn har det trygt og godt i barnehagane.

Den inneber at barnehagen har eit ansvar for å

§ 42 Aktivitetsplikta

- Plikt til å fylgje med
- Plikt til å melde
- Plikt til å undersøke
- Plikt til å setje inn tiltak
- Plikt til å lage ein aktivitetsplan

følgje med på korleis barna har det. Barnehagen får også eit ansvar for å undersøkje og setje inn tiltak når personalet har mistanke om at eit eller fleire barn ikkje har det bra i barnehagen. Det same gjeld når barnet, eller foreldra, seier at det ikkje har det bra.

Aktivitetsplikta som gjeld for barnehagane følgjer i stor grad mønsteret for aktivitetsplikta som skulane allereie har. For barnehagebarna vert det ikkje innført ein individuell rett til godt barnehagemiljø med tilhøyrande klageordning hjå fylkesmannen, slik som for mobbesaker i skulen.

Omsynet til barnet sitt beste

Det blir også sterkare fokus på barn sin rett til medverknad og kva som er best for barnet. Barnet sitt beste skal no vera eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjersler som gjeld barn i barnehagen, jf. også barnekonvensjonen.

Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

Barnehagen skal arbeida førebyggjande for å fremja helse, trivsel, lek og læring. Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som til dømes utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen skal gripa inn når eit barn vert utsett for krenkingar. I det førebyggjande arbeidet vert det viktig å involvera barn i leiken.

Skjerpa aktivitetsplikt

Det vert også innført ei skjerpa aktivitetsplikt ved mistanke om at nokon i personalet krenkar barn, og barnehagen er forplikta til å ha nulltoleranse mot krenkingar som utestenging, mobbing, vald diskriminering og trakassering.

Kommunen får også strengare krav mot seg ved at barnehagane skal ha internkontroll for å sikra at dei følgjer lovverk og forskrifter, inkludert rammeplanen og det nye regelverket mot mobbing.



Instruktørgruppa PASSION:

Frå venstre: Tonje Marie Karlsen Holene, Hilde Joranger, Thea Molland, Arsema Abraham, Leah Nævdal, Thea Rønning, Sunniva Rebni Bjørk og John-Arve Karlsen Holene.

Luster Danseverkstad – Dans utan grenser

Luster Danseverkstad – Dans utan grenser er eit tilbod til dei som ønskjer å drive med dans.

Her er det ungdommar som lærer yngre barn å danse. Eit flott tilbod med ung til ung formidling!

Dansegrupper:

Etter ein lang pause pga. koronasituasjonen har dansegruppene no starta opp att.

Dette er eit tilbod til barn i alderen 6 år og oppover, og me har grupper på Skjolden, Gaupne og Hafslo for dei ulike trinn.

Føl med på facebookside til Dans utan grenser - Luster for oppdateringar.

Alle dansegruppene ligg på www.luster.friskus.com, der finn de informasjon om kvar og når det er trening.

Instruktørgruppa:

Instruktørgruppa «Passion» har i dag 8 medlemmar som gler seg til å lære vekk nye trinn med sine elevgrupper!

I tillegg til å vera instruktørar på dansegruppene har dei faste treningar i instruktørgruppa kvar veke.

I haust skal dei vera med på remonteringshelgar og dansehelgar. Her møter dei andre dansarar frå fylket og lærer nye dansar og sjangrar, i tillegg til at dei får nye vennskap med andre med same interesse.

Passion vil gjerne vise fram det dei kan, og tek gjerne på seg oppdrag!

Me gler oss til å sjå dei framover og ønskjer alle nye og gamle dansarar i Luster velkommen!

Luster Fritidsfond



No kan alle barn og unge i Luster kommune som ikkje har råd til å vere med på fritidsaktivitetar søkje om støtte gjennom Luster Fritidsfond. Om du eller nokon du kjenner har lyst til å vere med på ein fritidsaktivitet, men ikkje har økonomi til det, kan Luster Fritidsfond vere til hjelp.

Kven kan søkje om støtte?

Barn og unge i alderen 6-18 år som bur i Luster kommune og lever i familiar der økonomien er til hinder for deltaking i organiserte fritidsaktivitetar. Ungdom over 18 år med nedsett funksjonsevne og særskilde behov er og innafor målgruppa.

Føresette – slik gjer du det

1. Ta kontakt med trenaren/leiaren for den fritidsaktiviteten barnet ditt er interessert i og spør om han/ho kan søkje om å få dekkja utgifta gjennom Luster Fritidsfond (oversikt over fritidsaktivitetar finn de i aktivitetskalenderen Friskus).
2. Trenaren/leiaren kan då søkje om å få dekkja utgifta på vegne av barnet.
3. Dersom søknaden vert innvilga vil fondet betale utgifta direkte til klubben utan at dei gjev opp informasjon om at det er din familie dette gjeld. Søknaden er anonym og det er berre du/din familie, trenaren/leiaren og medlemsansvarleg som veit at de har fått dekkja utgifta via Luster Fritidsfond.

Eit fondstyre handtert av Luster kommune vurderer søknadane og tildeler etter gjeldande retningslinjer. Styret består av deltakarar både frå

offentleg sektor, frivillig sektor og næringsliv.

Spleiselag

Luster Fritidsfond vert finansiert gjennom pengeinnsamling og me set pris på små og store gåver og donasjonar frå bedrifter, lag, organisasjonar og enkeltpersonar. Luster kommune og Luster Sparebank har bidrege med 50 000 kr. kvar i samband med oppstart av fondet. Dersom det er nokon som ynskjer å gje midlar til Fritidsfondet, slik at barn og unge frå låginntektsfamiliar kan delta i fritidsaktivitetar er det veldig flott. Dette betyr veldig mykje for mange.

Du kan sette inn pengar på fondet sin konto: 3785.07.00142

NB! Merk innbetalinga med: **prosjektnr. 20007, Luster Fritidsfond.**

Eller du kan bruke **Vippsnr: 596521**. Hugs å skrive kven innbetalinga er frå.

(Fondet vert administrert av Luster kommune).

Friskus

Me ynskjer at alle lag og organisasjonar i kommunen registrerar sin aktivitet i Friskus. Dette på grunn av at Friskus skal kunne gje ei god oversikt over alt som skjer i kommunen. Informasjon om Friskus ligg på heimesida.

Informasjon og søknadsskjema til Luster Fritidsfond finn de under *kultur, idrett og fritid* på heimesida til kommunen. Har du spørsmål, ta kontakt med sekretæren for Fritidsfondet:

Marte Kvisterø Krogstadmo
E-post: Luster.fritidsfond@luster.kommune.no

Livsmeistring – robuste barn og ungdom



Fysisk og psykisk helse, seksualitet og kjønn, rusmiddel, mediebruk og forbruk, å kunne sette grenser og respektere andre sine grenser og å kunne handtere tankar, kjensler og relasjonar er tema barn og unge skal lære meir om på skulen fom. dette skuleåret. Læreplanverket er fornya og folkehelse og livsmeistring er eit av tre tverrfagleg tema som skal inn i alle fag.

Livsmeistring- robuste barn og ungdom er eit femårig prosjektsamarbeid mellom Luster- og Sogndal kommune finansiert av helsedirektoratet. Prosjektet skal m.a. bidra inn i arbeidet med fagfornyinga i skulen. Målet er at barnehagane og skulane har gode system på det som har betydning for barn og unge si evne til å utvikle ei god robust psykisk helse. Dette gjeld m.a. system på:

- Opplæring av tema innan livsmeistring for barn og unge
- Samarbeidet mellom barnehage/skule og helsestasjon/skulehelsetenesta
- Samarbeidet mellom føresette
- Samarbeidet mellom barnehage/skule og heimen

Barnehagane og skulane jobbar med desse områda i dag. Med fornya læreplanar og prosjektet *Livsmeistring- robuste barn og ungdom* har me moglegheit til å evaluere det me allereie gjer og sette inn ein ekstra innsats på område me ev. kan bli betre på.

«Sjuåringen med sviende skrubbsår på knærne vet at det vonde vil forsvinne når far eller mor blåser på og finner fram plaster. Det er ikke like mange sjuåringer som vet at vi mennesker også kan få sviende skrubbsår på innsiden. Det er ikke like mange som vet at også denne smerten som oftest går over, og at det er hjelp å få hvis den ikke gjør det.

Grunnlaget for psykisk helse legges når vi tør å snakke like høyt om vonde tanker som vonde knær. For det er jo ingen grunn til å hviske.

Vi har alle en psykisk og en fysisk helse. Gjennom et langt liv vil de fleste av oss oppleve å ha det både godt og vondt- både på utsiden og på innsiden. Det er helt normalt. Psykt normalt».

(Regjeringa sin strategi for god psykisk helse (2017-2022): *Mestre hele livet*).

Prosjektgruppa har representantar frå begge kommunane:

Linda Midtun (Luster – barnehage), Ragnhild Stangeland Lillebostad (Luster –skule), Berit Skjerdal (Luster helsestasjon), Roar Erlandsen (Sogndal – barnehage), Helge Resaland (Sogndal – skule), Elin Kvam (Sogndal helsestasjon), Trude Os (Sogndal – kommunepsykolog), Stein Helge Selland (Luster – politikontakt), Torgeir Bøyum (Sogndal – foreldrerepresentant) og Tone Thomassen (Luster – foreldrerepresentant). I tillegg skal ei ressursgruppe med ungdommar ta del i arbeidet.

Les meir om prosjektet på:

<http://handling.forebygging.no/folkehelsearbeid/Livsmeistring--robuste-barn-og-ungdom/>



– Friskus kan nyttast om alt som skjer; frå fotballtrening 10 år IL Bjørn til balansetrening på omsorgssenter til Rockeverkstad og ev. quizkveld i Jostedal samt ein kan rekruttere frivillige til besøks- eller aktivitetsvenn med meir.

Har din organisasjon registrert seg i Friskus og lagt ut aktiviteter som fotballtrening, barneidrett, bridge, korpsøving, strikkekafè osv?

Friskus er ein digital aktivitetskalender og møteplass for alle aktiviteter både i regi av kommune og frivilligheita i Luster. Friskus er ei teneste for alle innbyggjarane i kommunen og dess fleire som nyttar det dess betre teneste får vi!

Luster kommune er no i gang med å gjere Luster Friskus kjent i heile kommunen, og me håpar du som innbyggjar, og alle lag og organisasjonar vil vere med på denne viktige felles dugnaden i kommunen!

All informasjon om korleis du registrerer deg står på heimesida til Luster kommune - du kan og laste ned Friskus som «app» på telefon. Den ligg ikkje i appstore/play butikk (sjå informasjon på heimesida).

Friskus vil gi deg som innbyggjar ei god oversikt på kva aktiviteter, arrangement og oppdrag som finst i nærleiken av deg og du kan filtrere på stad, dato og interesse.

- ✓ Fleire og fleire kommunar tek i bruk Friskus.
- ✓ Friskus gir deg som innbyggjar ei god oversikt på kva aktiviteter, arrangement og oppdrag som finst i nærleiken av deg og du kan filtrere på dato og interesse.

Mor i nyinnflytta familie i Luster kommune:

«Eg har ein gut på 7 år og ei jente på 12 år. No leitar eg etter fritidsaktivitetar til dei, (eg ynskjer sjølv å melda meg som frivillig) men det er ingen stad eg finn ei samla oversikt - det skulle eg ønskt at kommunen hadde!»

- ✓ Du som innbyggjar kan «shoppe» frivillige oppdrag når det passar deg. Det kan vere alt frå å steike lappar på ein fotballkamp til å ta med deg hunden på omsorgssenteret! Eller kanskje du har lyst å vere besøksvenn?
- ✓ Friskus er enkel i bruk og her er det ingen reklame.
- ✓ Aktivitetar/oppdrag kan enkelt delast via facebook, heimeside, og e-post.
- ✓ Friskus vil forenkle arbeidsoppgåver for dei som vil rekruttere frivillige til ulike oppdrag.
- ✓ Som lag/organisasjon får du lett oversikt over medlemmar og kan enkelt kommunisere med dei.
- ✓ Som innbyggjar er det enkelt å melde seg på aktiviteter og lag/organisasjonar får enkelt oversikt over påmelde.

Kulturmidlar


Lag og organisasjonar som søker kulturmidlar bør registrere seg i Friskus. Dette på grunn av at me ønskjer at Friskus skal gje ei god oversikt over alt som skjer i kommunen.

Luster Fritidsfond - Friskus

Friskus og Luster Fritidsfond er begge tiltak for å utjamne sosial ulikskap i kommunen. Friskus kan nyttast av skule, flyktingetenesta, NAV og helsestasjon i samtale med foreldre for å få barn inn i fritidsaktivitet. Familiar som ikkje har økonomi til å betale for deltaking i fritidsaktivitetar kan få hjelp til å søkje om støtte gjennom Luster Fritidsfond.

Har du spørsmål om Friskus eller Luster Fritidsfond ta kontakt med servicetorget telefon 57 68 55 00, eller søk på heimesida til Luster kommune. Der er det god informasjon om begge tiltaka.

Velkommen til ein sosial møteplass i Gaupne!



«Svadlekroken» er ein sosial møteplass for vaksne i Luster kommune.

Her kan du komme og få deg ein kaffikopp og slå av ein prat.

Me har ordna til i lokale på «gamle yrkesskulen» og laga det til ein koseleg møteplass!

Me vil utvikle tilbodet og tilpasse aktivitetane etter ønskje frå dei som kjem innom!

Det er mogleg å halde på med litt hobbyaktivitetar, eller spel om ein ønskjer det.

Målet vårt er å skape ein uformell møteplass der ein kan komme og gå som ein sjølv ønskjer!

Me har faste personar som har ansvaret kvar

veke, dette er frivillige og tilsette i kommunen. Av og til har me med oss hjelparar frå NAV kontoret.

«Svadlekroken»

held til i lokala på «gamle yrkesskulen» (Øyagata 6).

Opningstida er kl. 14 -17 kvar torsdag.

Me sel kaffi/te og noko attåt.

«Svadlekroken» er eit samarbeid mellom Luster kommune, NAV Luster og Luster Frivilligsentral.

Velkommen til «Svadlekroken»

Kjenner du deg trygg heime?

Treng du nokon å snakke med?

Luster legekantor: 57 68 56 00
 Luster helsestasjon: 57 68 56 05
 Familievernkontoret: 46 61 92 80
 Sogn barnevern: (dagtid) 97 50 60 95
 Barnevernvakta: (kveld/natt/helg) 40 02 29 88
 Krisesenteret i Florø: 57 74 36 00
 Overgrepsmottaket: (Førde) 57 72 37 48
 Politi: 112
 Legevakt: 116 117

Nasjonale hjelpetelefonar
 Mental Helses hjelpetelefon: 116 123
 Alarmtelefon for barn og unge: 116 111
 Kors på halsen (for barn og unge): 800 333 21
 Vold- og overgrepslinjen (VO): 116 006
 Røde Kors-telefonen om tvangsekteskap: 815 55 201
 Hjelpetelefon for seksuelt misbrukte: 800 57 000
 Alternativ til vold (ATV): 55 60 31 99
 Vern for eldre: 800 30 196

Ved akutt fare, ring politiet 112.

Politiet kan pålegge overgripas besøksforbod og kan hjelpe deg å kome til krisesenteret. Du kan melde valden.

Sjekkliste:

- ☐ Er du usikker på om det du opplever heime er bra for deg?
- ☐ Er du redd for kva som kan kome til å skje med deg?
- ☐ Er barnet ditt trygt?
- ☐ Får du høyre at du ikkje er verdt noko?
- ☐ Vert du tvinga til seksuelle handlingar?
- ☐ Vert ting du er glad i øydelagt?
- ☐ Ynskjer de hjelp til å løyse konflikhtar?
- ☐ Disponerer du egne pengar?

På Krisesenteret i Florø kan du kome både dag og natt for å bu trygt. Du treng ikkje å ha synleg skade for å søkje hjelp - trugslar og psykisk vald er like alvorleg.

Er du blitt seksuelt misbrukt eller voldtatt?
 Ring overgrepsmottaket i Førde: 57 72 37 48.
 Dei tek vare på deg, undersøker deg og hjelper deg å dokumentere overgrepet.

Er du vitne til vald; som nabo, ven eller kollega? Er du uroleg for at ting ikkje er som det burde vere hjå nokon du kjenner? Ikkje ver redd for å seie ifrå, du kan gjere ein skilnad.

For meir informasjon om kven du kan snakke med, scann QR-koden:



Meir informasjon finn du på:
<https://DinUtvei.no>

Det er aldri din feil!

Det er aldri for seint!

Det er alltid hjelp å få!

Nye fagarbeidarar

Luster kommune har lærlingar i ulike fag og sommaren 2020 har fylgjande teke fagbrev/kompetanseprøve:



Sighjorn Leirdal – barne og ungdomsarbeidarfaget.



Julie Fredheim – helsearbeidarfaget.



Kristine Erfjord – helsearbeidarfaget.



Chrisander Engevik Hartveit – institusjonskokkfaget.



Me treng besøksheimar og støttekontaktar til barn

Har du husrom og hjarterom til å ta imot barn eller ungdom éi eller fleire helgar i månaden – eller kan du gje nokon ei meir aktiv fritid som støttekontakt?

Sogn barnevern treng fleire besøksheimar og støttekontaktar. Alle barn er unike med ulike behov, og barnevernet ynskjer å ha eit godt utval av kandidatar for å finna den rette vaksne til det einskilde barnet.

Kva vil det seia å vera besøksheim?

Å vera besøksheim inneber at du tek imot barn eller ungdom éi eller fleire helgar per månad. Besøksheim er eit frivillig hjelpetiltak og ei støtte til familiar som har eit særleg behov. Besøksheimen skal vera ein ekstra ressurs for barnet og ei støtte for heimen til barnet. Barna vil ha stor glede av både kvardagslege og kjeke aktivitetar.

Kva vil det seia å vera støttekontakt?

Som støttekontakt kan du bidra til at barn eller unge får ei meir aktiv fritid. Du skal bidra til at barnet får ei meningsfull fritid og gode opplevingar.

Slik registrerer du deg

Vil du støtta familiar med særlege behov ved å vera besøksheim eller støttekontakt?

Fyll ut søknadsskjema, så vil registreringa di bli lagra i ein database. Ved behov for besøksheim eller støttekontakt vil me sjekka databasen for nokon som kan passa det aktuelle barnet. Om det er deg, vil du bli kontakta.

Som besøksheim eller støttekontakt får du godtgjering frå kommunen.

Har du spørsmål, ta kontakt med Sogn barnevern (vakttelefon dagtid): 975 06 095

Du finn informasjon på Luster og Sogndal si heimeside.

Tilskot til kulturføremål 2021



Eitt av dei siste prosjekta som har fått godkjenning på finansiering og er under oppføring i Luster kommune er ei dagsturhytte, også kalla Gapahuk, ved Hafslavatnet. Prosjektet er eit «skule-eksempel» på planmessig samarbeid mellom eit bygdelag, lokal 4H-klubb, idrettslaget og Luster kommune. Kvaliteten på ein møteplass for barn og unge vert vesentleg høgare når ein oppnår å samlokalisere fleire aktivitetstilbod, legge til rette for ulike aldersgruppe og prioritere universell tilkomst. Prosjektet har fått tildelt unikt anleggsnummer, er prioritert for spelemiddel-finansiering og har rett på kommunalt tilskot til drift og vedlikehald, når den tid kjem.

Foto: Olav Terje Hove.

Dei fleste tilskotsordningane i Luster kommune har som kjent ein annonsert søknadsfrist 1. mars.

Erfaringane med handsaminga av søknader om tilskot har synt seg å vera prega av nokre felles faktorar:

1. All dokumentasjon knytta til ein søknad skal vera klar og innsendt saman med søknaden innan søknadsfristen. Døme: der det er krav om revidert rekneskap og årsmelding må årsmøte som godkjenner desse dokumentasjonane haldast i rimeleg tid FØR fristen.
2. Medlemstalet som skal gje grunnlag for Grunnstønad må ha dokumentert innbetalt kontingent for året før og samsvara med årsmeldinga. Nye medlemmar innmelde i søknadsåret tel ikkje.
3. Nokre prosjektsøknader har finansieringsplanar med eigenandel/eigne midlar/dugnad. For ein frivillig organisasjon som søker skal denne finansieringa ha dokumentert vedtak i laget sitt årsmøte. Bakgrunnsmateriale er lagt ut på heimesida vår

Grunnstønad er knytt til medlemskap, og hovudregelen er at det blir løyvd kr 250 pr. medlem under 20 år.

Refusjon for drift av forsamlingshus: Eit vilkår for å få refusjon for driftsutgifter er tilkomst for rørslehemma i forsamlingslokale, garderobar og handikaptoalett.

Refusjon for drift av anlegg:

Anlegg som kan få refusjon skal vera registrerte i anleggsregisteret og må dokumentere aktivitet for barn og unge. Godkjende søknader kan få løyvd inntil 50% av dokumenterte driftsutgifter.

Tilskot til kulturvern (foto, film, data og skjøtsel), gjeld søknader om tilsegn om tilskot som blir utbetalte etter framlagd dokumentasjon.

Tilskot til kulturminnevern (tekniske kulturminne som hus, vegar, bruer, anlegg) gjeld søknader om tilsegn om tilskot som blir utbetalte etter framlagd dokumentasjon.

Tilskot til friluftslivstiltak gjeld søknader om tilsegn om tilskot som blir utbetalt etter framlagd dokumentasjon.

Tilskot til lokale arrangement/underskotsgaranti gjeld søknader om tilsegn om tilskot som blir utbetalt etter framlagd dokumentasjon.

For meir informasjon kan de kontakte kultursjef Erling Bjørnetun.



Mange frivillige gjer ein innsats for Frivilligsentralen og lagar flotte utstillingar.



Bruktbutikken er i lyse og romslege lokale på Pyramiden.

Bruktbutikken i Gaupne

Bruktbutikken er no flytta til nye flotte lokale på Pyramiden senter.

Den offisielle opninga med ordførar Ivar Kvalen var laurdag 5. september 20. Her møtte svært mange lustringar opp og til tider var det lang kø utanfor butikken.

Flyttinga av bruktbutikken har blitt ein suksess! Svært mange handlar hjå oss og endå fleire leverer/donerer varer til oss.

Bruktbutikken var ikkje budd på dette og måtte raskt gjere nokre grep med lagerkapasiteten.

Bruktbutikken blir drifta av Luster frivilligsentral i samarbeid med om lag 20 frivillige. Aldersspennet til dei frivillige er frå barneskule til opp i 70 år. Ein flott gjeng som utfører ein svært viktig jobb for lokalsamfunnet vårt.

Bruktbutikken tek imot brukte gjenstandar, barneklede, sko til barn og vaksne, brunevarer og møblar. Levering av møblar må avtalast på førehand med dagleg leiar av Luster Frivilligsentral Anita Kjølraug tlf. 456 65 954.

All inntekt går til ulike arrangement, aktivitetar og tiltak i regi av Luster Frivilligsentral og gjerne andre samarbeidspartnarar.

Med andre ord går inntekta ut igjen til aktivitetar i lokalsamfunnet Luster.

Bruktbutikken har opningstider torsdag og fredag kl. 12-17 og laurdag kl. 12-15.



Bruktbutikken har opningstider torsdag og fredag kl. 12-17 og laurdag kl. 12-15.



Luster Utstyrssentral

Samstundes som bruktbutikken flytta til Pyramiden flytta Luster utstyrssentral inn i lokala ved sida av bruktbutikken.

Dersom du ynskjer å låne gratis turutstyr, sykklar, ski osv. avtalar du på førehand med Luster frivilligsentral v/dagleg leiar Anita Kjørlaug tlf. 456 65 954 eller e-post: post@luster.frivilligsentral.no

Oversikt over kva du kan låne finn du på Luster frivilligsentral si heimeside.



Arbeidsgruppa for juleglede 2020.

F.v bak:
Leidulf Kvam
frå Luster
Lions, Liv
Helen Nystuen
frå Gaupne
helselag, Grete
Snekkevik
Bondevik
frå Luster
kyrkjelege
fellesråd
og Cecilie
F. Skjerven
frå Luster
frivilligsentral.
F.v. framme:
Linda
Goldmann
frå Luster
Røde Kors og
Anita Kjørlaug
frå Luster
frivilligsentral.

Juleglede 2020

Me er ei tverrfagleg samarbeidsgruppe i Luster Kommune som jobbar med «juleglede».

Denne gruppa er samansett av representantar frå frivillige lag og organisasjonar.

Me samarbeider for å gje familiar med økonomiske utfordringar mogelegheita til å ta imot ei juleglede.

Det kan vere mange ulike grunnar til at menneske får økonomiske utfordringar. Livet gjev oss ingen garantiar og det kan skje noko som fører til at økonomien blir sett på prøve. Om ein har forsørgjaransvar vert dette sjølv sagt ekstra vanskeleg.

Å ha dårleg økonomi er ofte forbunde med skam, og det kan vere vanskeleg å snakke om. Skilnadane mellom dei som har mykje og dei som har lite er store, og det kan vere vanskeleg å be om hjelp dersom ein ikkje får midlane til å strekke til.

«Juleglede» skal bidra til at familiar som har behov for det skal kunne få ei personleg julegave til barna i alderen 0-18 år.

Det er moglegheit å fylle ut eit enkelt skjema der ein er heilt anonym. Meir informasjon om

korleis du skal gå fram dersom du ynskjer å sende inn skjema, finn du på Luster kommune sine heimesider.

Kvart år arrangerer me også eit gratis arrangement for alle barn, unge og vaksne i Luster, dette er for å bidra til at alle skal få like moglegheiter til å delta på eit kulturtilbod i kommunen, uavhengig av familien sin økonomiske situasjon.

I år blir dette dessverre utsett på grunn av covid-19.

«Juleglede» ynskjer å gjere ein forskjell for dei familiare som opplever julehøgtida som vanskeleg. I 2019 fekk 85 barn i Luster ei juleglede frå oss.

Me har oppretta Vippskonto til dette formålet gjennom Luster Røde Kors, og i den samanheng vil me oppfordre både bedrifter og privatpersonar til å gje eit valfritt bidrag til dette formålet.

Vipps # 519965 – Juleglede (Luster Røde Kors) eller

Kontonr.: 3785.12.25871

Ved spørsmål, ta gjerne direkte kontakt med oss på telefon 470 13 690 (Luster Røde Kors)

Marknadskontakt på NAV Luster; Alf Ove Reime

Kva vil det seie å vere marknadskontakt?

– Som marknadskontakt er eg ein person på NAV som bedriftene lett skal kunne ta kontakt med. Eg er eit ansikt utad og jobbar for å ha god kjennskap til næringslivet i kommunen. Marknadskontakten er gjerne ute i bedriftene og kjem på besøk for å bli betre kjent med det som føregår der og kva planar eller utfordringar dei ser for seg framover. På den måten blir også bedriftene betre kjent med NAV som mogleg samarbeidspart.

Så det hender at du kjem på besøk berre for å helse på?

– Ja, NAV har som mål å opprette gode relasjonar til alle bedriftene i kommunen. Når vi kjenner arbeidsplassane, kan vi lettare vere til hjelp om det oppstår situasjonar der dei har bruk for bistand frå oss.

I kva situasjonar kan bedrifter i Luster ha nytte av å samarbeide med NAV?

– Det kan t.d. vere ved permitteringar eller sjukefråver. Men det kan også vere når dei har behov for å rekruttere folk til ledige stillingar. Enkelte bedrifter til rekrutteringsbistand kvart år, noko vi tykkjer er veldig kjekt.

«Inkluderingsdugnad» er eit ord vi har høyrte i ein del samanhengar siste tida. Kva betyr dette?

– Inkluderingsdugnad er eit politisk satsingsområde for å få fleire med særskilde behov eller hol i

Cven sin ut i arbeidslivet. Dette er ei viktig samfunnsoppgåve der arbeidsgjevarar er nøkkelpersonar. Det er veldig kjekt å jobbe med dette her i Luster. Arbeidsgjevarar er ofte positive og ynskjer å bidra. NAV har mellom anna hatt eit tiltak som vi kallar LOOP der vi i samarbeid med fleire bedrifter har gitt arbeidssøkarar høve til å prøve seg i nye jobbar. Deltakarane har vore 4 månader på kvar arbeidsplass med tett oppfølging frå NAV og ein mentor. Dette har vore eit bra tiltak, særleg for ungdom. Det er viktig å få erfaring, gode referansar og ein «fot innanfor». Etter at koronaen kom, vart LOOPen lagt ned, men eg har fått fleire henvendingar frå arbeidsgjevarar som seier dei ynskjer å starte opp att når det er klart.

Så du opplever at bedriftene møter deg på ein god måte?

– Ja, veldig bra. Eg var ny i Luster då eg kom hit i 2013 og byrja å jobbe på NAV. Kort tid etterpå oppretta regionen eit marknadsteam og eg vart marknadskontakt i Luster. Leiaren min gav meg rom til å jobbe på ein måte som gjorde at eg kunne reise mykje ut og eg

vart godt kjent. Arbeidsgjevarar møter meg med velvilje og stort engasjement. Mange kjenner også på samfunnsansvaret og set pris på moglegheiten til å bidra.

Kva tiltak kan NAV bidra med?

– Det varierer etter behovet til bedrifta. Men t.d. ved nedskjæringar og fare for permitteringar, kan NAV bidra med økonomisk støtte for å kvalifisere tilsette til nye oppgåver. Vi formidlar også kontakt mellom arbeidssøkarar og arbeidsgjevarar. Mentor og lønstilskot er tiltak vi nyttar mykje og med god effekt. Arbeidssøkarar med nedsett arbeidsevne p.g.a. helseproblem må ofte prøve seg i nytt arbeid. I starten kan dei trenge noko ekstra tid og oppfølging. Då nyttar vi gjerne tiltaka mentor og lønstilskot. Arbeidsgjevarar kan søke om dette digitalt via Altinn. Det kan vere ukjent for mange, og då vil eg som marknadskontakt gjerne vere til hjelp.

Når NAV ringer på døra til ein arbeidsgjevar, er det alltid marknadskontakten som kjem?

– Nei, det kan vere andre også. Kollegaene mine ved NAV kan ta kontakt i enkeltsaker som gjeld t.d. sjukefråveroppfølging, individuell jobbstøtte (IPS), eller språkpraksis for flyktningar. Vi har også ulike attføringsbedrifter som utfører tenester for NAV, som Sogneprodukt, Fretex og Din Utvikling. Felles for oss alle er at vi jobbar for å finne gode løysingar for både arbeidsgjevarar og arbeidssøkarar.

Kva bedrifter ynskjer du kontakt med?

– Alle slags bedrifter, både små og store. Eg håpar at arbeidsgjevarar som les Lustranytt får lyst til å ta kontakt og invitere meg på besøk. Kanskje er det akkurat di bedrift som har behov for litt informasjon frå NAV? Kanskje du har behov for ein ny medarbeidar? Eller kanskje du berre vil vise fram ein flott arbeidsplass? Då må du veldig gjerne ta kontakt, så kjem eg.

Du sa at det er lett å kome i kontakt med deg?

– Eg har eit direkte mobiltelefonnummer som arbeidsgjevarar kan ringe meg på eller sende meldingar til: 95901504. Mange likar også å bruke e-post: alf.ove.reime@nav.no

Heilt til slutt: Vi høyrer rykter om at du har nådd pensjonsalderen?

– Ja, det stemmer. Men eg gir meg ikkje! Eg har fått henvendingar frå arbeidsgjevarar som lurar på om eg framleis er marknadskontakt, og det er eg. De finn meg på kontoret tysdag, onsdag og torsdag, så ring meg gjerne for ein prat!

Nytt kommunalt tilbod

– Jobbspesialist og Individuell jobbstøtte

I haust vart det tilsett interkommunal jobbspesialist ved NAV Luster og NAV Sogndal. Dette er eit prosjekt der samarbeid mellom NAV og dei kommunale psykiatritenestene vert viktig. Prosjektet er eit resultat av midlar NAV har fått tildelt frå Fylkesmannen, og er i utgangspunktet eit tilbod for ungdom under 30 år. Tilbodet vert kalla IPS/Individuell jobbstøtte, der jobbspesialisten arbeider etter ein metodikk kalla Individual Placement and Support (IPS).

IPS/Individuell jobbstøtte er ein samarbeids- og oppfølgingsmetode mellom NAV, spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. IPS som metode rettar seg mot menneske med psykiske- og/eller rusvanskar, der motivasjonen og draumen om å kome i arbeid er grunnleggjande. Tilbodet er uavhengig av yting og rettigheter, og IPS skal alltid skje på deltakaren sine premisser, behov og føresetnader. Målet med IPS er ordinært, lønna arbeid på den ordinære arbeidsmarknaden.

Jobbspesialisten vil ha tett og tilpassa oppfølging av deltakaren, vere mykje ute i «felten» og verte godt kjend hjå ulike bedrifter og arbeidsgjevarar. Det er særskilt viktig at Jobbspesialisten kjenner arbeidsmarknaden godt for å kunne hjelpe deltakarane til å realisere draumen om ordinært lønna arbeid.

For å få meir informasjon eller tilbod om Individuell jobbstøtte, ta kontakt med NAV Luster eller Psykisk helseteam i kommunen.

Dei 8 prinsippa for Individuell jobbstøtte (IPS)

1. Målet er ordinært, lønna arbeid
2. Deltaking er på bakgrunn av deltakaren sitt eige ønske
3. IPS er ein integrert del av behandlinga
4. Jobbsøk på bakgrunn av deltakaren sine interesser, ferdigheiter og ønskjer.
5. Individuelt tilpassa rådgjeving om økonomiske ytingar.
6. Raskt jobbsøk (innan 1 mnd).
7. Systematisk jobbutvikling.
8. Oppfølginga er tidsbestemt og individuelt tilpassa.

Veterinær-ordninga i Luster og Sogndal

Luster kommune har sidan 2008 hatt eit samarbeid med Sogndal kommune og tidlegare Leikanger om ei veterinærvakt-teneste. Vakttenesta sikrar tilgang på veterinærteneste ut over ordinær arbeidstid som er viktig for oppretthalding av god dyrevelferd og som beredskap mot alvorlege smittsame dyresjukdomar.

Denne vaktordninga har vore delt på tre veterinærar sidan oppstarten, men etter oppseiing i fjor haust, har det vore færre veterinærar knytt til ordninga. Frå 1. september har me vore tilbake med tre veterinærar på ordninga.

Tilgang på veterinærar er viktig både for husdyrprodusentar og smådyreigarar. Det har vist seg utfordrande å få tak i veterinærar som ønskjer å stå i vaktordninga. Det er ei belastning å ha vakttelefonen ut over vanleg arbeidstid og det er viktig at brukarane tek vare på dei. I deler av året har dei mykje å gjere og andre deler av året er det relativt lite. For å sikre veterinærvaktordninga er det viktig at vakttelefonen blir brukt også utanom høgsesongen. Det er med å sikre eit næringsgrunnlag for at alle skal drive praksis i området vårt.

Veterinærane knytt til vaktordninga er per i dag; Oddfrid Vange Bergfjord, Rune Runnestø og Elise Berg Hustveit.

Vakttelefonen er 975 88 629.



Ny veterinær i veterinærvaktordninga

Elise Berg Hustveit er oppvaksen i Sogndal og har no flytta heimatt som nyutdanna veterinær. Ho tok utdanninga si i Tsjekkia på The University of Veterinary and Pharmaceutical Sciences, Brno. På dagtid jobbar ho på Sogn Dyreklinikk AS på Kaupanger, og vil frå

og med september ta del i veterinærvakta kveld/natt og helgevakter. Ho får bruke klinikken på Kaupanger til å ta imot smådyr, og ho gler seg til å opparbeide seg meir kunnskap og erfaring til å kunne hjelpe både store og små firbeinte framover.

Folketal i Luster

Pr. 01/01-10	4945	Pr. 01/07-17	5184
Pr. 01/01-11	5023	Pr. 01/01-18	5223
Pr. 01/01-12	5026	Pr. 01/04-18	5240
Pr. 01/01-13	5041	Pr. 01/07-18	5237
Pr. 01/01-14	5089	Pr. 01/10-18	5207
Pr. 01/01-15	5118	Pr. 01/01-19	5195
Pr. 01/01-16	5093	Pr. 01/04-19	5187
Pr. 01/04-16	5098	Pr. 01/07-19	5194
Pr. 01/07-16	5120	Pr. 01/01-20	5174
Pr. 01/01-17	5151	Pr. 01/04-20	5174
Pr. 01/04-17	5167	Pr. 01/07-20	5176

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvartalsvis befolkningsstatistikk.



Området som er under opparbeiding.

Ny Leirdøla transformatorstasjon

Det har i år vore omfattande arbeid med mykje folk og maskiner i sving på Reiar-moen, om lag 5 km frå Gaupne mot Jostedal. Lustranytt har kontakta Arne Utne i Statnett som her forklarar kva arbeid som er gjennomført og kva som vidare skal skje i området.

«Ny småkraftproduksjon og gammelt anlegg gjør at Leirdøla transformatorstasjon må fornyes for å sikre strømforsyningen i området og knytte ny produksjon til strømmettet. Statnett har nå ferdigstilt grunnarbeidene for den nye stasjonen. Neste etappe er bygging av selve stasjonen som starter i månedsskiftet november/desember.

NVE ga konsesjon til prosjektet i oktober 2019 og i april i år godkjente de den fremlagte miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) for bygging av Leirdøla transformatorstasjon, omlegging av ledninger inn til stasjonen og riving av master.

Statnett har siden i vår gjennomført grunnarbeidet for å kunne bygge ny Leirdøla transformatorstasjon i Luster kommune. Eksisterende stasjon ble satt på drift i 1976 og er en del av det "elektriske området Indre Sogn",

som strekker seg fra Sogndal til innerst i Årdal. Dette området er bl.a. karakterisert med veldig store vannkraftressurser, nå også mye småkraft som planlegges og bygges ut.

Både den tekniske tilstanden på eksisterende stasjon og behov for økt transformeringskapasitet på grunn av ny småkraftproduksjon i området, gjør at vi nå bygger ny stasjon.

Stasjonen skal bygges rett nord for eksisterende stasjon på Reiar-moen, der det er store grusressurser og et stort masseuttak. Det er inngått avtale om å flytte og mellomagte grusressurser fra der stasjonen skal bygges til to langtidsdeponi i nærområdet. Det meste av arbeidet hittil har gått med på å flytte disse grusressursene, slik at de kan brukes seinere. Der den nye stasjonen skal bygges er det nå tilrettelagt et stort og plant område. Det spanske firmaet Elecnor er hovedentreprenør, og de starter arbeidet med bygging av selve stasjonen i månedsskiftet november/desember. Samtidig har Statnett startet arbeidet med å legge om ledningene inn til den nye stasjonen.»

Dersom du ynskjer å følge utviklinga i prosjektet, kan du lese meir på heimesida til Statnett.

Dunken med det grønne loket, – innsamling av glas og metall

Endeleg kan innbyggjarane i Luster ta i bruk dunken med det grønne loket. I september og oktober har ATS på oppdrag frå SIMAS delt ut dunkar til hushaldningane i Luster, og dei første innsamlingsrutene er allereie køyrt.

I denne dunken kan du samla alle typar emballasje av glas og metall, og dunken vil frå starten av bli tømt kvar 8. veke. Tømmefrekvens vil verta vurdert etter kvart som ein får meir erfaring med ordninga. Dersom du ikkje har fått dunken levert, eller har andre spørsmål, kan du ta kontakt med SIMAS på telefonnummer 57 65 70 70.

For ATS har dette vore eit flott oppdrag, der fleire av medarbeidarane har teke del på ulikt vis: Mottak, montering, transport osv. ATS har delt ut ca. 1800 dunkar i Luster. Sogneprodukter har delt ut dunkane i Lærdal.

Oppsummeringa konkluderer med at oppdraget er godt gjennomført, og ein diskuterer allereie oppdrag vidare framover i andre av SIMAS-kommunane.



Christoffer og Turid delar ut dunkar på Sørsida. Luster er ein vidstrekt kommune. Utkøyringa av dunkane har kravd mykje innsats Christoffer og Turid i arbeid med utdeling av dunkar på Sørsida.



Det grønne loket. Lurer du på kva du kan levera i denne dunken kan du sjekka klistremerket under det grønne loket. Der får du vita kva som skal i denne dunken, og kva som skal i andre fraksjonar. Dersom du ønskjer å vita meir om sortering sjå heimesida til SIMAS, der du finn mykje meir info.



Den raude boksen. Har du ikkje allereie gjort det kan du ta kontakt med Simas og få utlevert den raude boksen. Der kan du levera batteri, spray-boksar, lyspærer og liknande avfall.



Oppsummering og vidare plan. SIMAS, ATS og Sogneprodukter samla til oppsummeringsmøte i Festingdalen 29. oktober. Fv. Victoria Charlotte Strauman, Aud Jane Beheim, Geir Øygard og Kenneth Teigen frå SIMAS, Morten Røyrvik frå Sogneprodukter, Odd Atle Stegegerdet og Paul Fransen frå ATS.



3 karar løyser sveitten. Medarbeidarane ved ATS har gjort ein god jobb i dette prosjektet. Her er fv. Jan Rune, Arne og Paul i ferd med å dela ut dunkar i Sandviki i Gaupne sentrum. Foto: Wenche Schanke Eikum.



Tommy delar ut dunkar i Fortun. ATS har fleire store bilar, som passar godt til slike transport-opdrag.



Frukostmøte for næringslivet

Den 27.10. vart det arrangert frukostmøte for næringslivet på Gaupnetunet. Det var Jøril Hovland frå Kunnskapsparken og Øyvind Heimset Larsen frå Vestlandsforskning som orienterte om ulike tilbod til grunderar, vekstbedrifter og bedrifter i omstilling. Teknoløftet vart og presentert, med fokus på kva som kan vere aktuelle tilbod for bedrifter og organisasjonar. Det var nær 20 deltakarar som både fekk god frukost og nyttig informasjon.



Innleiarane Jøril Hovland og Øyvind Heimset Larsen.



Magnar Bjørk frå Forthun 1882 og Åslaug Hansegård frå Breheimsenteret i frukostprat.



Biletet viser stiomlegging i Austerdalen. Der det plutseleg har vorte lagt avkappa tre og busker midt i ein sti, og kanskje også vår i sårbare område!

ei rad med steinar for å avgrense tilkomst, er det altså viktig å følgje stien som me vert tilvist til. Slik kan me avgrense ferdsla Foto: Anne Rudsengen.

Landskapet framfor breen: vilt, vakkert – og sårbart!


Tekst: Marthe Gjerde, nasjonalparkforvaltar Jostedalsbreen nasjonalpark

Har du nokon gong tenkt på at kvar me vel å føte oss på tur kan påverke landskapet vårt? Framfor dei spektakulære brearmane som slyngar seg nedover frå Jostedalsbreen ligg det store mengder lausmassar slik som grus, sand og jord i dalane. Ofte er desse lausmassane samla i ryggforma haugar som me kallar randmorenar (eller ende- og sidemorenar). Me kan tenke oss at breane har sitt daglege virke i å slite på dalbotnane, som eit gigantisk sandpapir, der dei stadig grev ut og transporterer sand, grus og anna lausmateriale.

Når breen har ein periode der den rykker fram for deretter å stoppe opp vil noko av lausmaterialet bli dumpa og liggjande att ved brefronten, om lag som ein hjullastar dumpar lasset sitt. Slik vert moreneryggar danna. Moreneryggar som me kan sjå så tydeleg framfor til dømes Nigardsbreen, Austerdalsbreen og Bergsetbreen, har vorte danna på denne måten ved tidlegare tidars breframrykk under den såkalla «vesle istida» som var på sitt mektigaste kring 1750. I tider då breane trekte seg attende, frå 1750 til i dag, har breane óg



Biletet viser morene framfor Bergsetbreen som syner spor etter ferdsel som har byrja å endre ryggforma og danner eit lite søkk oppå ryggen. Foto: Anne Rudsengen.



Kartet til venstre syner kartlegging av mellom anna randmorenar (mørkegrøne ryggar) framfor Austerdalsbreen. Desse kan også sjåast med det blotte auge på saltelittfoto til høgre. (Kartdata henta frå Fylkesatlas/Norge i bilder og Norges Geologiske Undersøkelse.) Ta deg gjerne ein tur for å sjå om du klarar å telje kor mange moreneryggar du finn!

hatt periodar då brefronten anten stod i ro eller gjorde mindre framrykk att. I slike periodar danna breen fleire markerte moreneryggar. Desse «augneblikkbileta», som syner kor langt ut breen strakk seg tidlegare, kan gi spennande turterreng å vandre i for dei som fyrst har fått auga opp for geologien rundt seg. Slik kan me lære oss å lese landskapet og utviklinga av det. Di nærare breen me går, di yngre er desse moreneryggane. Kanskje kan nokre av dei yngste fungere som små detektivar på tur og spore breen si tilbaketrekking oppover dalen?

Med stadig varmare klima og lengre smeltesesongar ser me no at breane minskar i storleik trass i enkelte snørike vintrar innimellom. Truleg vert det lenge til neste gong større moreneryggar vert danna i dalane våre. Dette er viktig å vere merksame på, for då lyt me vere flinke til å ta vare på dei som allereie finst.

Morenar som landform er sårbare, og nokre typar morenar er faktisk raudlista av Artsdatabanken! Det vil seie at dei kan vere «utrydningstrua» og fortel noko om kor stort sannsynet er for at dei som landformer kan gå tapt. Om éin person går oppå ein morenerygg for å finne eit fint fotopunkt for «sjølvien» sin er ikkje så nøye. Men dersom hundrevis, kan hende tusenvis, av heimehøyrande og turistar går og trakkar på morenane kvart år kan me over tid øydeleggje både forma og stabiliteten til denne landforma. Jostedalsbreen nasjonalpark arbeider for å kartleggje og synleggjere morenane i områda



Dei nye kloppene i Bergsetdalen hjelper til med å styre ferdsla unna sårbar vegetasjon og gjer samstundes at fotene held seg (nokolunde) turre på tur!

Foto: Einar Blikra.

våre og for å styre ferdsla unna dei mest sårbare, slik at også seinare generasjonar kan sjå kor langt fram breen har sett sine spor før i tida. Dette er også bakgrunnen for at stien fram til Bergsetdalen vart utbetra hausten 2020. Våte parti har vorte klopplagde for å skåne vegetasjon og morenar og for å styre folk si ferdsle inn på eit stispor. Det er ynskjeleg at flest mogleg går ut på tur for å nyte synet av breen og landskapet rundt, og me oppmodar alle om å halde seg til stien for at me også i framtida får nyte synet av isen sine spor frå fortida!



Fleire borgarlege vigsler i år

Frå 2018 har kommunen hatt mynde til å gjennomføre borgarlege vigsler. I Luster er det ordførar og varaordførar som til no har vigd brudepara, men rådmannen har også mynde. Det er både lustringar og par frå andre stader i landet som viger seg hjå oss. Dersom du ynskjer borgarleg

vigse i Luster, sjå informasjon på heimesida eller kontakt kommunen.

År	Tal vigsler
2018	7
2019	4
2020	11 (pr. 6. nov.)

Skatteetaten overtok skatteoppkrevjaroppgåvene frå 1. november

Frå 1. november 2020 vart skatteoppkrevjaren ein del av Skatteetaten.

Skatteetaten har dermed fått alt ansvar for fastsetjing, innkreving og kontroll av skatter og avgifter.

Etter denne datoen er det ikkje lenger skatteoppkrevjar i kommunen og alle spørsmål om skatt skal rettast til Skatteetaten.

Oppgåvene som vart overført til Skatteetaten 1. november er innbetaling av restsatt, utbetaling av skattepengar til gode, tilleggsforskot, forskotsstrekk, arbeidsgjevaravgift, motrekning og utleggstrekk knytt til skattekrav og konto-/saldoutskrift for skatt og avgift.



Skatteetaten

Kontaktinformasjon skatteetaten

tlf. **800 80 000.**

Meir informasjon finn du på skatteetaten.no



Vigdalsstølen også kalla Sagavollen i 2015 og 2020. Granhogst, beiteprosjekt og manuell rydding har opna landskapet og og ønska naturkvalitet i tråd med verneverdiane.



gjort dei verneverdige moreneryggane meir synlege. Overvaking av vegetasjonen vil vise om tiltaka fører til betra beite

Breheimen – resultat etter 10 år med vern

Luster kommune har tre nasjonalparker, tre landskapsvernområde og åtte naturreservat innafor kommunegrensene. I alle desse områda har lokal forvaltning, nasjonalparkstyra og Statens naturoppsyn skaffa pengar frå Miljødirektoratet til mange tiltak for å betre naturforholda, og for å

legge betre til rette for friluftsliv.

I Breheimen er det landskapsvernområda som det er gjort mest tiltak i. I Mørkridsdalen og Vigdalen landskapsvernområde er det kulturlandskapet som er verneformålet, og for å ta vare på verdiane i kulturlandskapet må det

drivast aktiv skjøtsel med rydding, beiting og slått. I tillegg må framande artar fjernast. I Luster er det først og fremst planta gran som er framand art i verneområda.

Etter 10 år med tiltak viser det godt att i landskapet. SNO har tatt nokre før og etter bilde

der det er gjort skjøtselstiltak. Her er nokre få døme på dette.



Berget i Mørkridsdalen i 2011 og i 2020. Her har det vorte hogge gran og rydda beite for bringebær, brennesle og tistel som ofte skyt opp etter granhogst.



Knivabakkgjerdet i Mørkridsdalen i 2011 og 2020. Ni år med slått og beite har gjort at engar har mange blomar, insekt og sjeldne beitesoppar. Utmarkslått har vorte ein veldig sjeldan naturtype og er viktig å ta vare på.

NYE LUSTRINGAR



Håkon Hesjevoll

Fortel litt om deg sjølv.

Namnet mitt er Håkon Hesjevoll og eg vart fødd i Jostedalen i 1950. Der hadde eg ein fin oppvekst til eg reiste til Balestrand for å gå på realskolen i 1966. Etter det reiste eg til Voss og gjekk på Vatles Dekorasjon og Reklameskule.

Etter det har eg arbeidd med dekorasjon, reklame og salg, fyrst i Mjøndalen, og dei siste 48 år har eg budd i Oslo.

Kvifor kom du til Hafslo?

Etter at eg vart pensjonist fekk eg lyst til å prøve noko anna, og eg har alltid vore glad i den gamle heimkommunen min, så kva var meir naturleg enn å flytte hit?

Kva er det beste med å bu i Luster?

Mange kjekke og blide folk. Ein flott natur og ikkje det maset du opplever i ein by med over 600.000 innbyggjarar.

Kva kan Luster bli betre på?

Sikkert mykje, men eg har berre budd her i to månader, så det får dei som har lengre fartstid enn meg svare på.



Marte Veivåg Aase og Ben Ward

Fortel litt om dykk sjølve.

Ben - 35 år snekker fra England. Har bodd og jobbet mange år i Sveits. Brukt koronatiden på å pusse opp huset på Sørsiden og er nå på utkikk etter jobb i området.

Marte - 33 år sivilingeniør innen Energi og miljø fra Sandnes. Bodd og jobbet både i Trondheim og Oslo før hun flyttet til Luster. Jobber nå som prosjektleder i Sogndal kommune.

Begge er veldig glad i ski, klatring og fjellsport generelt.

Kvifor kom de til Luster?

Vi ville bo tettere på naturen og leve saktere. Sørsiden og Kroken var den perfekte plass å sette småbruksdrømmen ut i livet.

Kva er det beste med å bu i Luster?

Nærheten til fjell og fjord med de uendelige friluftsmulighetene vi har rett utenfor dørtrammen. Og folkene ikke minst - vi har blitt tatt utrolig godt imot av de andre sørsidingene.

Kva kan Luster bli betre på?

Vi bor jo ganske spredt langs Sørsiden, og kunne gjerne ønske at det var litt flere anledninger og møteplasser for å treffe andre naboer - særlig nå på vinterhalvåret. Vi planlegger å bygge en badstu ved fjorden som vi tenker at de som vil kan bruke når de ønsker.

Så vi får se om det også blir noen quizkvelder eller kinokvelder på naustet i løpet av vinteren.

NYE LUSTRINGAR



Familien Mygland

Kvifor kom de til Luster?

Sumaren 2017 hadde vi eit opphald på bibelcamp på Lyngmo. Det blei gjenteke året etter. Den gang, i 2018, var vi på leit etter ein stad å bu på vestlandet. Vidar hadde jobba nokre år i Tromsø, men lengten etter heimlege trakter førte oss mot vestlandet. Sumaren det året var vi på Lyngmo og visste ikkje at nettopp Hafslo skulle bli vår nye heimbygd. Vi snakka om flytteplanar, og utover hausten nådde rykta om at det var arbeid til Vidar nettopp på Hafslo. Vi drog til Sogn og såg på staden med nye auge. Dette kunne vi fint finne oss til rette med.

Fortel litt om dykk sjølve.

Vi er familien Mygland, Vidar og Pia. Vi gifta oss i 2016. Vidar jobbar som prest, og Pia er fysioterapeut. Etter at vi kom til Luster har vi også blitt fleire. Johannes blei født i september 2019,

og Jakob i oktober 2020. Vi trivast med korte små turar i nærområdet. Rett og slett variere kvardagen. Vi trivast med gode venner vi har fått etter at vi kom hit. Og med familielivet.

Kva er det beste med å bu i Luster?

Det beste med å bu i Luster er at alle kjenner alle. Vi føler det i alle fall slik. At ein blir godt kjent med dei fleste i bygda der ein bur. Vi føler oss veldig godt motteke, og har planar om å bli her lenge. Etter halvanna år på Hafslo kjøpte me eige hus, og flytte ned til Solvorn.

Kva kan Luster bli betre på?

Luster er gode nok som det er på å ta imot tilflyttarar. Vårt håp er at vi kan fortsette å vere like gode på å ta imot og inkludere nye, så vi bevarer den gode, og fine identiteten ved å høyre til i Luster.



Ordørar Ivar Kvalen besøkte Tilla Høyheim på 100-årsdagen hennar.

100-åring

I dag 10.11.20 har eg vore så heldig å få delta i 100-årsdagen til **Otelia Gudrun Høyheim**, best kjend som Tilla Høyheim.

Dagen vart feira i leilegheita ved Luster omsorgssenter med kaffi og gode kaker. Grunna korona restriksjonane kom gjestene litt fordelt utover.

Tilla vart fødd på Hafslo 10. november 1920 og hadde jentenamnet Tang. Familien flytte året etter til Nes.

Den 20. juni 1942 gifte Tilla seg meg Hans Høyheim, og i 1948 flytte dei inn i nytt hus. Familien auka på etterkvart og Tilla har 3 born,

11 barnebarn, 21 oldebarn og eitt tippoldebarn. Huset og hagen til Tilla har alle som har køyrd langs Lustrafjorden lagt godt merke til. Det har vore ein av dei flottaste blomsterhagane langs heile fjorden, seint og tidleg var Tilla å sjå i dei velstelte blomsterbada og hagen hennar vart svært ofte fotografert både av turistar, aviser og blad.

Under kaffien fortalde ho om livet på Nes, alle dei flotte fjellturane ho var med på i Luster Turlag og den flotte familien sin ho er så glad i.

Luster kommune gratulerer Otelia Gudrun Høyheim så mykje med 100-årsdagen.



Hjarteleg takk for minnegåva me fekk til Luster omsorgssenter i høve **Johannes Kristian Kvam** si gravferd.

Helsing
Luster omsorgssenter

Liv Hunshamar
-einingsleiar-

Returadresse:
Luster kommune,
Postboks 77
N-6866 Gaupne
Noreg/Norway



LUSTRABADET

– opningstider jul og nyttår

21. desember: 15:00 – 20:30
22. desember: 15:00 – 20:30
23. desember: STENGT
24. desember: STENGT
25. desember: STENGT
26. desember: 10:00 – 17:00
27. desember: 10:00 – 17:00
28. desember: 10:00 – 17:00
29. desember: 10:00 – 17:00
30. desember: 10:00 – 17:00
31. desember: 10:00 – 17:00

1. januar: 10:00 – 17:00
2. januar: 10:00 – 17:00
3. januar: 10:00 – 17:00



LUSTRAnytt

Nr. 2 - 2020

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus.

Redaksjonen avslutta 11. november 2020.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun
Redaksjonen er lagt til Servicetorget v/leiar Anita Bjørk Ruud.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen. Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:

Luster kommune, Lustranytt,
Postboks 77, 6866 Gaupne.
Tlf. 57 68 55 00

E-post: postmottak@luster.kommune.no
Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.
Tlf. 57 65 60 05

Framsidedfoto: Solnedgang i Skjolden i november.
Foto: Eli Merete Hansen Moen

Viktige telefonnummer

Helsesenteret/Lege i kontortida Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsesenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT Tlf. 116 117
TANNLEGEN i Nesgården Tlf. 57 65 63 90
KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP Mob. 481 02 120
(Veg/vatn/kloakk).
NAV Luster Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann Tlf. 110
Vakthavande brannbefal Mob. 416 59 440
Politi/Lensmann Tlf. 112
Ambulanse Tlf. 113

